

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**



**Årbok 2008**  
**Samnanger historielag**

2008

Bokutforming: Svein O. Aadland

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese

**Framsida:**

Biletet er frå Høyseter og viser Knut K.

Høysæter som hesjar, med god hjelp av den  
vesle byguten Arvid sumaren 1943.

Det er Monrad Rasmussen, far til Arvid,  
som har teke biletet.

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**  
*2008*

**Redaktør: Magda Haugen**



# Innhald

Høysæter - ei levande grend gjennom fleire generasjonar	side 7
Solveig Eikestad - eit liv på Høysæter Av Magda Haugen	side 8
Trygve Høysæter fortel Av Tor Wold og Svein O. Aadland	side 18
Litt av kvart frå krigens dagar på Tysse - og ein sykkeltur til Oslo i 1944 Av Edith Kvernes	side 30
Eit tidleg barndomsminne - då eg var med på evakuering til Holmane Av Nils Gåsdal	side 39
Alfred Myrland - den ukjende tusenkunstnaren frå Samnanger Av Svein Egil Kvale	side 42
Ei langdryg byreise - og heimefødsjar på Tysse Av Tor Wold	side 51
Tveit ungdomslag sine første femti år Av Nils K. Langeland, Ingjald Tveit, Knut N. Langeland og Johannes N. Langeland	side 54
Dans og skodespel på Tveit Frå lagsbladet Ilagsmannen	side 61
De må gå meir i jula! Frå lagsbladet Ilagsmannen	side 63
Sætrastemna ved Fitjvatnet 1903 - 2008 Av Øyvind Røen	side 64
Litt meir om Brua-Per`n Av Svein O. Aadland	side 73
Årsmelding for Samnanger historielag	side 74



# Høyseter

## – ei levande grend

### gjennom mange generasjonar

Slik me kjenner Høyseter i dag, er det svært få fastbuande igjen der. No er grenda prega av tome tun og mange nye hytter. Det er mykje der som vitnar om at det her har vore eit levande samfunn der innbyggjarane var sjølvberga med det meste. Slik er det ikkje lenger, og det er difor viktig å ta vare på den historia me kjenner om staden Høyseter og dei som budde der.

I denne utgåva av Årboka vår har me sett fokus på Høyseter og prøvd å fortelja om korleis det var å bu der i store delar av førre århundre. Me har snakka med to personar som vaks opp på Høysæter: Solveig Eikestad (fødd 1926) og Trygve Høysæter (fødd 1923). Dei har villig delt med oss av sine opplevingar og livserfaringar og det er me dei svært takknemlege for.

I tillegg har me hatt kontakt med Arvid Rasmussen frå Bergen. Han er 2.generasjons hytteeigar på Høyseter, og har heilt frå han var veldig liten vore mykje der. Far hans, Monrad Rasmussen, arbeidde hjå ein fotograf i Bergen og hadde såleis veldig tidleg både fotoapparat og filmapparat. Dei fleste av bileta som me har brukt i artikkelane om Høyseter er tekne av far hans. Me takkar så mykje for velvillig utlån av bileta.



## Solveig Eikestad – eit liv på Høyseter

*Av Magda Haugen*

Solveig Eikestad er fødd på Høyseter i 1926 og fram til ho var 72 år gamal budde ho der. Ho var yngst i ein søskenflokk på 6, og som dei fleste born på den tida, fekk ho tidleg læra seg å ta del i det daglege arbeidet på garden der ho vaks opp.

Solveig fortel om eit heilt lite samfunn på Høyseter. Ho kan hugsa at på dei ti gardane der oppe, budde til saman ca. 80 menneske. Dei fleste av desse levde av det som jorda gav dei. Det var ikkje noko stor velstand blant folk flest. Det var slik at alle hadde lite av alt og dei måtte læra seg å ta vare på alt både når det gjaldt mat, reiskap og husgeråd / innbu.

Om det var lite med velstanden, kan ikkje Solveig hugsa at dei hadde det vondt på nokon måte. Dei hadde mat slik at dei vart mette, og visste heller ikkje om at nokon andre hadde det betre enn dei sjølve.

For det var slik at på Høyseter hadde dei relativt liten kontakt med omverda. Vegen kom først i 1946, telefonen i 1949 og straumen i 1952. Radio hadde dei på Høyseter alt før krigen, men den vart driven av eit stort batteri. Når batteriet var tomt, var det å bera det den lange vegen til Frøland der det var høve til å lada det oppatt.



Dersom dei hadde bruk for noko som ikkje fanst på Høyseter, måtte dei ta beina fatt. Det vanlegaste var å gå til Børdalen og vidare til Tysse. Her kunne dei få handla på butikk dersom dei var så heldige å ha kontantar. Elles kom både brødbilen og mjølkebilen til Børdalen to gongar for veka. Mjølkebilen vart kjørt av Knut Kvittingen og vart også nytta som ”buss”; dvs at dersom ein kom til Børdalen når mjølkebilen var der, kunne ein få sitja på nedover til bygda. Det var Gulleik Løvskar, og seinare bror hans Birger Løvskar som hadde bakeri og brødbilruta. Å gå i Børdalen sommartid tok ca ein halv time. Vegen oppatt var naturleg nok tyngre, og då brukte ein gjerne ein time. Då hadde ein i tillegg ofte børe.

### *Meieriet*

På Høyseter fanst det meieri i Solveig sin oppvekst og ungdom. Her kunne bøndene levera den mjølka dei hadde til overs. På meieriet vart det laga smør av mjølka. Skummamjølka som vart att, fekk bøndene attende slik at dei kunne gje denne til kalvane og bruka til annan mat. Smøret som meieriet laga, vart sendt til Rieber i Bergen der dette var ei svært ettertrakta vare. Med meieridrifta heldt ein altså oppe mjølkeproduksjonen i den vesle grenda og skaffa velkomen kapital til dei som produserte mjølk. Solveig minnest at den siste som var meierske på Høyseter var Margit Eikedal (1919 – 1992), seinare gift Kvernes. Meieriet vart lagt ned i 1947.

Solveig kan også hugsa at meieriet var godt å ha dersom det kom framande til gards. Som skikken var, skulle det alltid koma noko ekstra godt på bordet til gjestane. Då var det å springa på meieriet for å få tak i rømme og fløyte slika at dei kunne laga rømmegraut.

### *Skulen*

På Høyseter hadde dei eigen skule heilt fram til 1962. Solveig fortel at i hennar tid på skulen hadde dei same lærarinna heile tida. Ho heitte Amanda Nordbø (1898-1979) og kom frå Steintveit. Ho vart gift på Høyseter og mannen hennar arbeidde då i det militære. Ho arbeidde som lærar sjølv om ho hadde små born, men hadde sjølv sagt barneteinte til borna sine. Ho hadde bustad i skulehuset slik at ho alltid kunne ha kontakt med familien sin. Amanda var ei grei lærarinne tykkjer Sol-



*Høysæter på 1950-talet. Sjølv om det kom veg til Høysæter rett etter krigen, gjekk det mange år før den kom heilt opp til Snuplassen. 1. Helgeland. 2. Sjurane. 3. Ugjerdet (plass)., 4. Hytta til Monrad Rasmussen, mannen som har teke dette biletet. 5. Janane. 6. Hytte*

veig. Ho hadde både elevane i småskulen og i storskulen. Små og store born gjekk kvar sine dagar på skulen i veka. Solveig har berre gode minne frå skulegongen sin.

Tal born på skulen varierte sjølvsagt frå år til år, men Solveig kan minnst at det på det meste var 16 elevar ved skulen i hennar skuletid. Både Svendsdalen og Børdalen høyrde til Høysæter skulekrins.



7. Lassane (Her er Snuplassen. Meieriet låg mellom Lassane og Perane. Her var det også at det gamle Høysæter-tunet frå før utskiftinga låg). 8. Perane. 9. Slåtto (to bruk). 10. Haugen. 11. Tunet. 12. Oलाहाugen. 13. Bruvik-hytta. Biletet har me lånt hos Trygve Høysæter.

### *Lange vintrar med mykje snø*

På Høysæter har det ein tendens til at det kjem mykje snø, og snøen vert liggjande lenge. I Solveig si tid på Høysæter var det mange lange vintrar med mykje snø. Ho minnest at det var uråd å gå til skulen utan ski på føtene, så alle skuleborna måtte utstyrast med ski. Snøen kom gjerne i november og det var ikkje uvanleg at snøen låg til langt ut i april månad. Så altså halve året med snø. Det skulle mykje ved til å varma opp husa så lenge. I tillegg måtte ein, før straumen og elektrisk komfyr vart standard, ha ved til koking heile året gjennom.

## *Arbeidet*

Slik det var vanleg på alle gardar i den tida, måtte borna tidleg læra seg å delta i arbeidet. I slåttonna var det spesielt travelt. Då var det om å gjera å berga alt det foret som bergast kunne til den lange vinteren. Silolagring av fôr var enno ikkje vorte vanleg, så alt gras måtte tørkast anten på bakken eller i hesjer. Mange stader stod hesjane som faste installasjonar heile året gjennom. Det var staurar både på langs og tvers, og ofte brukte ein vidjer til å bitta staurane saman med.

Utslåtter var også vanleg. Borna måtte springa lange vegar i fjellet for å hjelpa til med tørkinga av høyet der. Solveig minnest at ho som 12-13åring tok turen like til ei li ovanfor Vassenden. Denne lia vart kalla for Høysetelia. Ikkje nok med at ho skulle styra med høyet; i tillegg hadde ho ærend på vegen. Ho skulle henta brød på brødbilen i Børdalen både til sin eigen heim og for ein nabo. Det vart mange kilometer for små jentebein med tung børe! Elles måtte borna vera med i floren for å stia beista, delta i matlaging og husstell. Det var utruleg mykje arbeid på ein gard for å ”halda hjula i gang”. Både gutar og jenter tok sine delar av arbeidet, og slik tradisjonen var, vart gutane lærte opp i gutearbeid og jentene til jentearbeid.

Då dei var utan straum på Høyseter (heilt fram til 1952) skulle det mykje brensel til for å koka, varma hus og vatn osv. Det var ikkje så rikeleg med ved som i våre dagar, så dei fleste måtte spe på brensel-lageret med tørka torv. Solveig minnest at dei kvar vår skar torv i utmarka som dei så tørka på steinunderlag. Det var gjerne eitt arbeid for borna at dei skulle snu på torva for at ho skulle tørka betre. Dette var eit ”skitarbeid” i ordets rette forstand: det var mykje jord på torva og hendene vart dekkja med skit som tørka huda ut. Lite hadde dei å smørja seg med og så dei vart ofte såre og sprukne på hendene av dette arbeidet. Når torva var tørka, var ho veldig lett. Som biletet i artikkelen viser, vart torva boren heim på såkalla bårstenger. Ein kunne også bruka kiper på ryggen til denne transporten. Sidan var det å lagra den tørt i ”såter”. Dette var eit godt brensel som hjelpte godt på i dei kalde og lange vintrane. Det vart slutt på arbeidet med og bruken av torv då straumen kom.

Solveig var så heldig at ho hadde fleire gode venninner på same alder



*Også byfolk måtte bera torv. Dette biletet tok Monrad Rasmussen i 1944. Sonen Arvid, som er den vesle guten heilt bak, fortel at det store guten som går fremst heitte Asbjørn, ein gut som gjennom eit ideelt tiltak fekk tilbod om ferie på gard under krigen. Her ber han torvbøra saman med Alla Rasmussen, mor til Arvid. Jenta på biletet er Eva Willberg Andersen, søskenbarnet til Arvid.*

som ho vaks opp saman med. Saman med desse veninnene tok dei naudsynte turar til Børdalen, til stølane og til utmarkslåttene. Det var ofte lettare å gjera arbeidet når dei var fleire saman om det.

Det var også vanleg at det budde fleire generasjonar på same garden. Då det ikkje fanst nokon gamleheim, måtte dei yngre ta seg av dei eldre i familien. Ingen stilte spørsmål ved dette, sjølv om nokre familiar fekk svært ”tunge borer” med stell av dei eldre. Slik hadde det alltid vore og slik måtte det vera.

Poteter var redninga for mange. På alle bruk hadde dei potetåkrar. Potetene kunne brukast på mange måtar og dei vart brukte for å drya all slags mat. Potetdyrkinga var arbeid både for store og små – her trongst det mage hender for å setja potetene, for å halda åkrane fine og for å hausta dei.



*Fem støljenter klare for stølatur. Frå venstre Signe Høysæter (Austli), Else Høysæter, Margit Eikestad, Solveig Høysæter (Eikestad) og Klara Høysæter. Og sjølvsagt tok fotograf Monrad Rasmussen sonen Arvid med på biletet også.*

Då det var uråd å laga matmjøl i heimane, måtte mjølet kjøpast i store sekkar og berast frå Børdalen. Det var då gjerne delt opp i meir passelege bører, før det vart bore til tuns. Eit hardt arbeid som alle måtte delta i.

### *Dyra*

På Høysæter var det i Solveig sin oppvekst mykje dyr på alle bruk. Ho minnest at det på eit tidspunkt var 50 kyr i grenda, altså eit gjennomsnitt på 5 kyr på kvart bruk. I tillegg hadde alle sauer. Sauene kunne gå i fjellet heile sommaren, og på den måten fekk dei nytte av det føret som fjellet kunne gje. På mange bruk hadde dei også eigen hest. Den var god å ha til mange tunge tak. Traktoren var ikkje då noko alle-

mannseige; dei fleste tenkte vel heller ikkje på at det var noko anna alternativ enn hest.

Høner var også vanleg på mange tun. Å få egg til matlaging var eit viktig tilskot i kosthaldet.

### *Lege og jordmor*

Det var sjølv sagt ikkje slik at folk sprang til legen med all slags plager. Folk var vane med å klara seg sjølve og hadde råd for dei fleste lidingar. Dersom folk vart skikkeleg sjuke, og hadde trong for lege, var det for nokon å ta beina fatt til Børdalen og gjerne vidare til Frøland eller Tysse for å spørja om hjelp. Ein slik tur kunne ta mange timar kvar veg og det var slett ikkje sikkert at hjelpa kom tidsnok fram.

Jordmor måtte også hentast på denne måten. Alle fødsalar gjekk føre seg i heimane. Som oftast var det nabokoner som hjelpete til dersom ikkje jordmor var komen fram.

### *Posttenesta og namnebruk*

Mons Høyseter (bestefar til Arne Eikestad – Solveig sin mann) hadde i mange år ansvar for postleveringa i Børdalen, Svendsdalen og Høyseter. Posten måtte først hentast på Tysse før han kunne starta med leveringa. Han tok denne turen to gonger for veka og turane med post var ofte strabasjose.

Solveig fortel at namnebruken på Høyseter var svært einsformig. Les ein i bygdesogene, finn ein at namn som Nils, Peder, Johannes og Andreas er namn som vert brukte om att og om att på alle tun. Når det i tillegg var slik at alle i grenda brukte Høysæter som etternamn, vart ofte forvirringa stor. I ein periode var det heile fem personar med namnet Peder Høyseter. Det vart difor ofte forvekslingar når det gjaldt postleveringa.

### *Konfirmasjon / Ungdomsliv*

29.09.40 vart Solveig konfirmert. Å gå til Presten, slik dei gjerne sa den gongen, var litt av eit prosjekt for ungdomane på Høyseter. Konfirmasjonstida tok til om våren og sjølve konfirmasjonen vart halden om hausten. Ungdomane gjekk ein gong for veka anten til Ådland eller

til Tysse for å delta i undervisninga. Det var ca. 2 timar gange til Tysse og 3 timar gange til Ådland. Turen til Ådland gjekk til fots gjennom utmarka via Svendsdalen, Bruabotn, Langeland, Tveit og Steinsland og ned på hovudveggen ved Gjerde. Det var heile seks konfirmantar frå skulekrinsen til Solveig i 1940.

Dei beste ungdomsåra i Solveig sitt liv vart prega av krig og armod. Sjølv om krigen førde med seg mykje vondt, laut livet for ungdomane gå sin gang. Det var vanleg at dei nokre gonger samlast på meieriet. Der vart det dans og mykje moro som blant ungdomar flest i Samnanger. Solveig minnest at Samuel Dyrhovden kom med trekkspelet sitt for å spela til dans for ungdomane. Med trekkspelet som børe gjekk han heilt frå Dyrhovden for å vera med på moroa.

Elles var det også vanleg at ungdomar frå fleire grender samla seg i Høyseterkvanndalen om somrane. Mange jenter hadde buskapan med seg og låg på stølane der. Og der jentene var, kom gutane naturlegvis etter. Dei leika og dansa og hadde det moro mang ei fin og lys sommarnatt i Høyseterkvanndalen.



*Solveig som konfirmant. Det var vanleg å konfirmere seg med lyse kjolar, men på grunn av krigen valde jentene på Høyseter å konfirmere seg i svart.*



## *Krigen*

Solveig minnest at tyskarane også kom til Høyseter. Dei sette seg til i skulehuset, men då det ikkje fanst straum der, var staden eigentleg ikkje så attraktiv.

Folk på Høyseter var opptekne av å høyra om det som gjekk føre seg under krigen. Radio hadde dei ikkje lov å ha, så dei måtte gøyma radioen godt for ikkje å verta oppdaga. I utmarka, under ein hilder, laga dei seg ein lyttestad der radioen vart gøymd. På denne måten kunne ikkje ein enkelt mann verta teken for dette lovbrøtet. Men radioen vart ikkje oppdaga, og folk frå Høyseter fekk høyra nytt frå London.


Solveig fortel at det var vanleg at unge jenter som henne vart buande heime til dei gifta seg og fekk eigen heim. Sik var det også med henne. Arbeidet sitt hadde ho på garden. Berre ein sommar under krigen kan ho minnast at ho var utanfor heimen i arbeid og det var då ho var kokke for anleggsfolk i Bergsdalen. Ho gjekk til Børdalen, sykla til Trengerid og tok toget til Dale. På Dale fekk ho skyss med ein open lastebil opp den svingete vegen til Bergsdalen. Her arbeidde ho nokre veker medan den faste kokka hadde ferie på Hamlagrø.

## *Eigen heim*

Solveig gjekk ikkje så langt for å finna ektemannen sin. Arne Eikestad budde på nabobruket på Høyseter. Dei gifta seg i desember 1944 og nyårsaftan same året heldt dei byllaup på Høyseter. Midt på vinteren var det ikkje enkelt å få tak i ferske blomar til ein brurebukett, men det hadde dei omsider greidd. Skuffelsen vart difor stor då det viste seg at blomane ikkje tolte det kalde veret. Då dei kom i kyrkja hang blomane – dei hadde frose i den kalde transporten med hest og kjerre.

Saman fekk Solveig og Arne tre born; Per fødd i 1946, Målfrid fødd i 1950 og Asbjørn fødd i 1952. Alle borna er vaksne opp i heimen deira på Høyseter og alle har gått sine skuleår der.

*Dette var noko av det som Solveig fortalde i intervjuet me hadde me henne i oktober 2008, og mykje meir kunne sikkert vore fortalt om hennar innhaldsrike liv. Me takkar Solveig for alt det ho ville dela med oss.*



## Trygve Høysæter fortel

*Trygve Høysæter (fødd 1923) bur på Reistad, noko han har gjort det meste av livet. Men som namnet tyder på er han eigentleg Høysætergut. For ei tid tilbake vart Trygve Høysæter intervjuet av Tor Wold om Høysæter og oppveksten der. Denne artikkelen byggjer på dette intervjuet, samt på samtalar Svein O. Aadland har hatt med Trygve Høysæter no i haust. Artikkelen er ført i pennen av Svein O. Aadland.*

Det er frå Haugen, det bruket på Høyseter som Terje Høysæter eig i dag, han kjem frå, Trygve. Trygve er bror til Nils Høysæter (1914 – 1984), som var gift med Anna Bruun Høysæter (fødd 1918), den siste som aktivt dreiv bruket på Høysæter.

Høysæter fekk ikkje veg før rett etter krigen. Som fjellgrend hadde dei heller ikkje fjorden å ta seg fram på, slik ein del andre Samnangergrender utan veg hadde. Nærmaste veg var i Børdalen.

Alle folk var flinke til å bera i den tida. Men somme bar meir enn andre. Dei som ikkje hadde hest måtte bera det dei handla heile vegen frå krambuene på Tysse til Høyseter. Med tung sekk på ryggen og gjerne

eit sirupsspann i eine handa og eit oljespann i hi, var det ein dryg tur frå Tysse og heilt opp til Høysæter.

På bruket der Trygve vaks opp hadde dei hest. Dei hadde også skyssvogn ståande i Børdalen, i eit av dei to vognhusa Svendsdalen hadde der. Mellom Børdalen og Høyseter kunne dei ikkje bruka vogn. Sumarsdagen brukte dei difor i staden drog, ein kort og lett slede av typen ein i dag kjenner best frå dei som dreg tømmer med hest. Om vinteren brukte dei vanleg slede. Men anten ein gjekk på sine egne bein eller brukte hest, så gjekk gjerne dagen med når ein skulle på handletur til Tysse.

Det var vanleg med slike skyssvogner på gardane rundt om i Samnanger i Trygve Høysæter sin barndom. På Heiane på Reistad vart det laga mange slike vogner. Nils Reistad, oldefar til Idar Reistad som har bruket i dag, vart kalla Hjulmakaren all sin dag. Skyssvognene han laga var både flotte og gode, med fjøring, eit skikkeleg sete med plass til to og eit lite kuskasete heilt bak.

No var det ikkje berre for å kunna kjøra seg sjølv og sine egne at så mange i Samnanger hadde skyssvogner, kanskje ikkje ein gong først og fremst for det. I mange år var turist-skyssing ei viktig attåttnæring for gardbrukarane i Samnanger. Turistskipa kom inn til Tysse eller Norheimsund. Så vart turistane skyssa med hest over Kvamskogen. Og med berre to turistar i kvar vogn trong dei mange skyssvogner.

Trygve Høysæter hugsar frå barndomen at folk på Høyseter gjekk ned i Mørkhølen for å sjå på dei lange rekkjene med skysshestar. Sjølv var han for liten til å få vera med. Så tok bilane gradvis over turist-skyssinga. Sidan vart det slutt på at turistskipa kom til Tysse og Norheimsund.

Trygve Høysæter fortel at skyssvogna deira hadde skinnputer, både i sete og rygg. Desse putene var det nokre tatarar, eller splintar som ein gjerne sa, som så gjerne ville ha. Ei gammal dame som var med i følgjet deira, det var truleg mor til karane i følgjet, kunne gjerne tenkja seg å sitja litt mjukare på dei mange og lange ferdene. Det enda med at skinnputene vart bytt i ei klokke. Og klokka var god den, fortel Trygve, den går like godt den dag i dag. Og sjølv greidde dei seg godt utan putene på dei etter måten korte turane til Tysse.

## *Gjekk mykje*

Sjølvs om Trygve Høysæter vaks opp på eit bruk med hest, slapp han slett ikkje unna korkje gåing eller draging for det. Om vinteren var det ofte så mykje snø at sjølv dei som hadde hest måtte dra kjelkar med eigne krefter i staden for å bruka slede og hestekrefter. Både høyr frå utløene og ved måtte ofte dragast heim med handemakt og kjelke.

- Å gå til utløene etter høylæss var bussigt. Det var moro å sitja frampå kjelken og skreia og styra, seier Trygve. Dei var ute tidleg om morgonen slik at dei kunne nytta skaren.

Heime hos Trygve hadde dei heller kort og grei veg etter ved. Dei hadde også unnabakke heim frå vedateigane. Då var det verre for dei som veda nede i Høyseterlia, ned mot Vassenden og den vegen. For dei var det tungt arbeid å dra veden heim.

Men det var ikkje alle på Høyseter som hadde tilgang til stort av ved i det heile, det var ikkje all verda av skog på ein fjellgard som Høysæter den gong. Då tok dei torv om sumrane og brukte det i staden for ved. Dei henta på myrane og tørka.

- Når det leid mot jul og dei skulle laga lutefisk kom dei på Slåtto og fekk oske hos oss, torvoska var ikkje brukande til å laga lut med, fortel Trygve.

Som alle andre på Høysæter vaks Trygve opp med å bruka føtene mykje. Å gå til presten var ein heil tur. Dei på Høyseter gjekk om Svendsdalen og Bruabotn ned til Langeland og så over Ilaget og ned til Gjerde. Derifrå gjekk dei etter vegen til Ådland.

Den sumaren Trygve gjekk for presten gjekk han også ein del på stølen. Ei vaksen jente frå Ugjerdet kom kvar morgon og slo i glaset og vekte han. Då var det ikkje bønn. Det hende Trygve først måtte på stølen for å bera heim mjølka og deretter gå til Ådland. – Det var drygt, seier han.

## *I Høyseterkvanndalen*

Først på sumaren hadde dei kyrne i utmarka heime på Høyseter. På ettersumaren flytta dei kyrne til Høyseterkvanndalen. Der var det seks-sju sætrar, somme hadde sæter åleine, andre delte. I skikkeleg gamle dagar, før Trygve si tid, hadde dei eige meieri der inne, så dei slapp



*Hesjar av den typen som stod der heile året. Her er det Klara Høyseter (Sjurane) og Alla Rasmussen som hesjar. Og sjølvsagt er vesle Arvid med på dette biletet også. Foto: Monrad Rasmussen.*

bera mjølka heim. – Eg har høyrte fortalt at dei hadde nokre store tønner som dei sette mjølk i der, fortel Trygve.

Men i Trygve si tid bar dei mjølka heim til Høyseter. Den som mjølka gjekk opp om kvelden, mjølka kyrne og sette mjølka til kjøling i vatn. Om natta låg dei på stølen. Grytidleg om morgonen mjølka dei på nytt. Deretter var det å bera mjølka heim til Høyseter der dei var med i arbeidet heile dagen. Slik var det på Høyseter. Slik var det dei fleste andre stader i Samnanger.

Det var søster til Trygve som gjekk på stølen for dei den sumaren Trygve gjekk for presten. Det var for å avløysa henne Trygve gjekk på stølen.

Sundagen hadde dei som gjekk på stølen fri. Den dagen skulle dei sleppa å bera mjølka heim, men få vera på stølen og kvila seg. Men mjølka måtte dei den dagen også, både morgon og kveld.

Med seks-sju stølar og mange unge jenter samla var Høysæterkvandalen ein populær samlingsstad for ungdomane om sumrane. Laurdagskveldane var det liv og moro i Kvanndalen, gjerne til den lyse morgon. Stølsjentene trong nok sundagen til å kvila på etter at dei hadde mjølka om morgonen.

Stølinga og helgesamlingane i Kvanndalen fekk elles ein tragisk slutt, fortel Trygve. Siste sumaren dei støla der drukna ein ung mann, Nils Høysæter, då nokre av ungdomane bada i vatnet.

Sidan var det kulturbeite og mjølking heime, også på Høysæter.

### *Sauegjetar*

Under krigen fekk Trygve prøva seg som sauegjetar ein sumar. Han fekk ansvar for å passa på 1200 Austevoll-sauer.

Sauene vart frakta til Gaupholm med skøyter, lenger inn kunne ein ikkje gå på grunn av miner. Frå Gaupholm vart dei jaga etter vegen til Høysæter, ein lang veg, ikkje minst for lamma. Somme av dei kunne vera litt skrale når dei kom opp.

Eit par gonger i veka gjekk Trygve for å sjå etter sauene. Han prøvde



*Ein ung Trygve Høysæter står på Flæffjellet og ser innover Skeiskvandalen. Som alltid når han såg etter sauene var hunden med. Bilete lånt hos Trygve Høysæter.*



*Trygve og hunden ser etter sauene.*

å halda dei samla i området mellom Høyseter, Skeiskvanndalen og Høyseterkvanndalen. Og så måtte han passa på at dei ikkje gjekk seg i skorfeste og vart ståande fast. Slikt skjedde av og til. Då måtte han ha hjelp for å få dei opp. Det viktige i slike situasjonar er at den som går ned til sauene tek det veldig med ro og ikkje skremmer sauene. Ein tok gjerne med seg ned ei lita buske eller eitkvart som sauene kunne eta på medan ein fekk festa tau i dei, fortel Trygve. Ein måtte ha tau på alle sauene før ein begynte å heisa dei opp – eller eventuelt fira dei ned.

Seinare dreiv Trygve sjølv med sauer i mange år. Vinterfor skaffa han seg ved å slå Stølen (Reistadstølen, der det no er bustadfelt) i tillegg til eigen eigedom. Ein triveleg hobby, er orda han sjølv brukar. Men på det meste sleppte han såpass mykje som 45 dyr til fjells. Han hadde dei i Skeiskvanndalen og området rundt der.

- Det var triveleg å gå i fjellet når sauene kom rundt deg og du sat med dei. Det var mange fine turar.

### *Levde i gamletida*

Etter kvart skilde Høyseter seg meir og meir frå dei meir sentrale delane av Samnanger. Nede ved fjorden hadde dei støtt hatt sjøen som grei og god ferdselsveg. I åra rundt århundreskiftet kom det flott veg tvers gjennom bygda i tillegg. På same tid kom det telefon- og telegrafstasjonar. Nokre år etter fekk mange til og med elektrisk lys. I

1917 kjøpte Tomas K. Aadland Samnanger sin første bil og starta rutebilkjøring gjennom bygda. I åra etter kom det fleire og fleire bilar. Deler av Samnanger var på full fart inn i vår tid.

På Høyseter let den nye tida venta på seg. Der bar dei børene på ryggen som før, eller drog med hest. Dei hadde korkje straum, telefon eller veg. Først etter krigen kom det moderne livet til dei. Vegen kom straks etter krigen, straum fekk dei tidleg på 50-talet.

Så i Trygve Høysæter sin barndom og ungdom på 20- og 30-talet var det meste på gamlemåten på Høyseter. Dei prøvde vera sjølvhjelpne i mangt og mykje.

Mykje av det som måtte lagast og vølast gjorde dei sjølv på bruka. Men somt var ”spesialisert”. Nils L. Høysæter var treskomakar, tok mål med ein pinne og laga skor som var gode å gå i, fortel Trygve. Fleire kunne smed-kunsten, mellom anna ein onkel til Maria Kolle i Svendsdalen.

Peder Høysæter frå husmannsplassen Ugjerdet laga stølebøtter, kjøpte blekkplater og lodda. Han budde saman med mora og to søsken då Trygve vaks opp. Mora vart over hundre år og brukte ein gåstol når ho skulle flytta på seg.

Eige meieri hadde dei sjølvsagt også. Der vart det laga smør som vart levert i halvtønner hos Røsseland på Tysse. Derifrå vart tønnene skipa til Bergen. Då vegen kom vart meieriet lagt ned og mjølka frakta til Tysse i staden.

### *Flinke på ski*

Dei som vaks opp på Høyseter før vegen kom vart gjerne litt sprekare enn folk flest, sidan dei gjekk så mykje. Og dei vart i alle fall flinke på ski. På Høyseter brukte dei ikkje berre skiene til leik og sport. Der var ski også eit framkomstmiddel, som også vaksne brukte.

Trygve minnest frå barndomen at fleire gamlingar skreinte (Trygve brukar ordet skreina i staden for skreia, som ein seier i dag) på ski. Og mange av dei var grådig flinke. Før omtalte treskomakar Nils L. Høysæter skreinte så det kosta etter til han var veldig gammal. Trygve ser han føre seg der han suste nedover bakkane – med ein stav under armen. Frå barndomen hugsar Trygve at fleire gamle brukte berre ein stav, god å skreina med, men ikkje så god å gå med.



Vinteren og skisesongen på Høyseter var veldig lang. Men ungane kunne knapt venta med å ta den kalde årstida i bruk.

Når tjørna fraus til om hausten var det skeising det gjekk i. Skeisene var helst av typen tresole med jarn under, ein slags forløpar til dei tradisjonelle snabelskeisene. Også i skuletida gjekk dei på skeiser, sprang ned til tjørna straks dei fekk friminutt og middagsstund. Når så læraren blæs i fløyta for å få dei inn att til timane gjekk det nok gjerne ei stund før dei kom opp att, innrømmer Trygve.

Skeisesongen på Høyseter var kort. Når snøen kom vart det fort så mykje av den at det ikkje var aktuelt å moka seg bane. Dessutan fekk dei anna å gjera på då.

Når dei første centimetrane med snø la seg på frosen mark var det tid for å finna fram snøskeisene. Snøskeiser var rett og slett ein treklosse, gjerne eit par tommar brei og litt boga framme, som dei festa under skorne og skreidde på. Elles hende det nok at somme lurte seg til å øksa hælane av treskorne og skreidde på dei i staden.

Når så snøen kom for alvor, og det gjorde den gjerne lenge før jul på Høyseter, var det klart for skiene og ein lang sesong med leik og sport i snøen. Også no brukte dei friminuttar og middagsstunder i skuletida. Det hende også at skiene var einaste brukande framkomstmiddel til og frå skulen, brautene var ikkje alltid oppkjørte.

Alle ungane skreinte på ski i skuletida, sjølv om det var berre gutane som hoppa, fortel Trygve. Og gutane hoppa støtt. Var det måneskin kunne dei halda på langt utover kveldane. Og var det for mørkt til å hoppa var det alltid lys nok til å moka på snø og laga til bakkar, eit evig arbeid dei brukte uendeleg mykje tid på. Trygve veit alt om å koma heim med naglabit og stivfrosne bekarar ein måtte ha hjelp til å få av seg.

### *Den farlege Sørlibakken*

Hoppporten var den største av alle idrettar i Samnanger i førkrigsåra. Slik også på Høyseter. Dei laga bakkar alle stader, frå dei minste uskuldige til store bakkar som gav dei fleste klump i magen. Sørlibakken, ein bakke som vart laga til for første gong i slutten av 20-åra, var den verste. Der kunne ein hoppa borti 50 meter. I tillegg var den stygg i hola, hadde feil profil ville ein vel sagt i dag. Dei dreiv og

spadde og spadde for å få den betre, men Sørlibakken var og blei skummel. Slett ikkje alle våga å hoppa i den.

Trygve fortel at dei også dreiv litt med lengderenn, som er hans gamle, gode namn på langrenn. Og når det var påske-skirenn stod både hopp og lengderenn på programmet.

Tradisjonen med skirenn på Høysæter kvar påske er gammal. – Det var noko dei også hadde før mi tid, fortel Trygve Høysæter. Lassa-Engel, Engel Høysæter, var ei av eldsjelene her.

Engel Høysæter (1894 – 1984) hadde vore i militæret i Oslo og mellom anna fått med seg hopprenn i Holmenkollbakken. Tidleg på 1920-talet skipa han Indre Samnanger Skilag, med Høysæter som naturleg sentrum. Men Trygve fortel at også dei som budde i grendene rundt var med. ”Nordafjelskingane”, for eksempel, var ivrige, seier Trygve og forklarar at ”nordafjelskingar” var det dei kalla dei som kom frå fjellgardane, altså gardane oppover mot Kvittingen. Men også dei i Bør-dalen og dei nedover i Frøylandsdalen var med.

For mange år sidan vart Nils Kvittingen, saman med Trygve Høysæter, intervjuet i Samningen om skisporten i Samnanger. Nils Kvittingen fortalde då om det første hopprennet som vart arrangert på Høysæter.

Rennet gjekk i Middagsskaret og enda nær i katastrofe. Unnarennet var ikkje godt nok trakka. Engel Høysæter ramla og rende hovudet fast i snøen. Han skada seg stygt, og det kom aldri hoppski på føtene hans meir, fortalde Nils Kvittingen til Samningen. Men Lassa-Engel vart likevel ei drivkraft i skilaget i mange år etterpå.

### *Dei berømte påskerenna*

Påskerenna på Høysæter var ikkje småtter. Nils Kvittingen fortalde at det på 1920-talet kunne vera svært mykje folk til stades for å sjå på hopprennet. Publikum kom frå store delar av Samnanger. Å sjå på hopprenn var stort, det fanst ikkje andre måtar å oppleva idrett på den gong. Nils Kvittingen meinte det vart eit omskifte då folk fekk radio og kunne høyra frå Holmenkollen og andre store arrangement i si eiga stove.

Trygve Høysæter vaks opp med påskeskirena. Ungane fekk sjå dei store konkurrera, og ikkje minst fekk dei konkurrera sjølve. Festen i skulehuskjellaren om kvelden fekk dei derimot ikkje vera med på. Og festen var like årviss som rennet, og like vidgjeten. Slik var det i tiår

etter tiår.

Det meste var annleis på Høyseter i påska. Den noko avsides og stille grenda var knapt til å kjenna att. For ikkje berre hadde dei skirenn med hundrevis av menneske på plass. Dei hadde også påskegjestar. Nede i bygda var det vanleg å ha byfolk på gardane om sumrane. På Høyseter var det i påska folk tente seg nokre kroner på å leiga ut husrom til bergensarar.

Trygve fortel at same byfamilien kom år etter år for å feira påske hos dei. Bygjestane hadde eine stova i huset. Kjøkenet delte dei. Noko problem med å vera så mange i huset kan ikkje Trygve hugsa at det var. Byfolka var stort sett ute på ski om dagen. Dei gjekk lange turar, gjerne heilt ut i Tveitakvitingen.

For ungane på Høyseter var ski først og fremst leik. Trygve fortel at dei ein periode dreiv og øvde seg på å skreina på ei ski. Dei laga seg spor og vart etter kvart flinke til å halda balansen når dei sette utføre.



*Påkestemming hos Sjurane i 1943. Familien Rasmussen begynte å feriera der i 1942. Seinare bygde dei seg hytte på Høyseter.  
Foto: Monrad Rasmussen.*

Kåre Høysæter (han som mange år seinare vart kontorsjef/rådmann i Samnanger kommune) var jamgamel med Trygve og alltid ivrig etter å prøva nye ting med skiene. Kåre, som var son til før omtalte Lassa-Engel, begynte også med slalåm, stakk løyper og laga til renn. Byfolka deltok også.

Som alle andre gutar var også Trygve ivrig til å hoppa på ski i guteåra. Men så fekk han to års avbrot. Først braut han foten på ski ein vinter. Vinteren etter keika han seg slik at også den hoppesongen vart spolt.

Lengderenn vart etter kvart Trygve sin hovudidrett. Etter krigen budde han på Trengereid nokre år. Då trena han og deltok i renn rundt om kring. Mellom anna var det ofte lengderenn nedover på bykanten den gong. Trygve nådde som oftast i premie når han gjekk renn. Ein gong vann han eit renn i Bergsdalen der også mykje vossingar var med, ein annan gong vart han nr.2 på 30 kilometer på Kvamskogen.

### *På anlegg*

Som så mange andre gutar og menn i Samnanger på den tida, var også Trygve Høysæter på anlegg. Under krigen arbeidde han på kraftanlegg i Grønsdalen eit par vintrar – og miste lysten på spikesild for godt. Dei budde om lag 25 mann i ei brakke. Og sidan det var mangel på pålegg, fekk dei spikesild til frukost. Når dei så kom heim til middag fekk dei spikesild og kålrabi, sidan det var vanskeleg å skaffa poteter. Når dei så kom og skulle ha kaffi fekk dei sanneleg spikesild då også. Men til kvelds fekk dei suppe – kokt på spikesild.

Sjølve anleggsarbeidet lærte gutane på Høysæter frå dei var i konfirmasjonsalderen. Då vart vegen til Høysæter så smått påbyrja. Kvar oppsitjar mellom Mørkhølen og Høysæter hadde skrive seg for ein 20-25 dagar for året – utan betaling – for å utbetra vegen opp til Børdalen og laga ny veg vidare opp til Høysæter. I tillegg fekk dei litt tilskot frå fylket og kommunen. Arbeidet starta før krigen, men det var berre korte periodar kvart år.

Men her var det at unggutane fekk læra anleggskunsten hos dei eldre. Og då starta det gjerne med å halda og snu mineboren medan dei vaksne svinga feiselen. Og ein måtte snu skikkeleg, heilt rundt. Men ein måtte også læra seg å slå. For vanlegvis bytte ein på å halda og å slå,

ein vart sliten av slå lenge. Av og til, når det var hardt fjell som boren ikkje så lett sette seg fast i, så klomsa dei. Det betydde at to mann slo, og ingen heldt i boren. I slikt fjell spratt boren slik at den snudde seg sjølv.

Etter krigen arbeidde Trygve Høysæter på Trengereid fabrikk fleire år, men også der gjekk det ein del i anleggsarbeid, i alle fall om sumrane. Fabrikken hadde kraftanlegg med vatn frå Skulstadvatnet og Holmavatnet. På denne tida vart mellom anna demninga ved Holmevatnet bygt på. Trygve var med på å ta ut stein til den utvidinga. Framleis snakkar me om feisel og bor. Han var også med på å støypa klossane som skulle forsterka demninga.

I 1953 byrja Trygve på Hordaland vegvesen. Der var han mellom anna med på å laga tunellar i Tokagjelet. På same tid busette Trygve, som no var vorte familiemann, seg på Gjerde, kjøpte seg hus der. Men då dotter til han som han hadde kjøpt av, ønskte å kjøpa huset tilbake nokre år seinare, selde han huset til henne og kjøpte grunn hos kommunen og busette seg på Reistad i 1960. Og der har han og kona budd sidan.



*Edith  
Kvernes  
i 1942*

## **Litt av kvart frå krigens dagar på Tysse - og ein sykkeltur til Oslo i 1944**

*Av Edith Kvernes (fødd 1918)*

Eg var på butikken hos Hermann Røsseland alle krigsåra. Det var ein skikkeleg landhandel med alle varesortar; nafta og hesteskosaum, vindusglas og såleler (folk måtte halvsåla skoene sjølv i dei dagar for å få dei til å vara, det var ikkje så godt å få fatt i nye.) Ja ,eg har skore glasruter med diamantskjærar. Såleleret var på vekt. Alle sortar matvarer var det og. Etterkvart som åra gjekk, vart det mindre og mindre varer å få tak i. Streng rasjonering var det på alt.

I ”uljehuset” var det parafintønne, eit sirupsfat og ei tjøretønne. Parafin hadde me heile krigen. Det var mange i utkantane som ikkje hadde straum, så dei fekk rasjonert parafin til å ha på lampane og på flaggermuslyktene. Men sirupen forsvann etterkvart. Kraftfôr til kyrne

vart det og lite av. Er det nokon som minnest cellulosebuntane på ca 200 kg? Dei var ikkje lette å handsama, men å trilla dei ut på kaien og opp på sleden gjekk bra. Krigsvintrane var det sleaføre i månadsvis.

Det var forresten verdens sentrum hos Røsseland på den tida. Der var banken, posten, butikken, dampskipsekspedisjon og hotell. Lensmannen i Os, Bjarne Dahl på den tida, hadde ein kontordag i veka i Røsselandshuset. Ofte var bror hans, Rolf Dahl med og.

Så vart det mykje nytt under krigen. Folk skulle ha pass, eller grenseboerbevis, med bilete, og det var det ikkje mange som hadde. Så kom det ein fotograf og han installerte seg i spisestova på hotellet. Det vart mange som hadde bilete med dei kvite dørane som bakgrunn. Den spisestova vart også lager for alle radioane i bygda då dei skulle leverast inn i september 1941.

Seinhaustes 1940 kom det fire unge menn som skulde vera politi i Samnanger. Dei tok inn på hotellet. Dei var ikkje så lenge. Det var Helge Holmung. Han vart visst frontkjempar. F.C. Moldenhauer reiste til Bergen att. Johannes Hammersland vart politi i Bergen. Han er nemnd i ei bok av Arne Lyngvi; han omkom i eit flyangrep i 1944. Men den fjerde, Moen vart verande i Samnanger til krigens slutt, då vart han politi i Bergen.



*Edith saman med Bertha Røsseland utanfor Røsseland-butikken.*

Det vart travelt på butikken. Rasjoneringa gav mykje ekstraarbeid. Men sommaren 1944 vilde me sjå oss litt om i verda. Det var Malene Galland som var så oppglødd for ein sykkeltur til Oslo. Slektningen hennar, Bergit Eikedal, stod på butikk i Øystese. Ho og nokre venninner hadde vore på den turen, og ho hadde fortalt om det til Malene. Så var det Alice (Frøland, seinare gift Solberg. Red.mrk.) og meg. Malene stod på Svendsalsbutikken, Alice stod på brødbutikken hos faren Mons Frøland og eg stod på Røsselandsbutikken.



*Edith Kvernes på sykkeltur - om ikkje på den som ho fortel om artikkelen. Foto: Privat.*



## *Sykkel mot lammaskrott*

Malene og Alice hadde sykklar, eg hadde ikkje. Det var ikkje berre å gå på og kjøpa i dei tider.. Men Hermann var handelsmann og hadde vel forbindelser. Han hadde skaffa ein ny sykkel til kona Kristina. Den skulle eg få låna, mot at Kristina fekk kjøpa ein lammaskrott på Skar i slaktetida til hausten. (Edith er fødd og oppvaksen på Skar. Red. mrk)

Ein morgon i juli starta me på turen med fullstappa ryggsekker på bagasjebrettet. Det var varmt og fint ver og me kom heilt til Granvin første dagen. Der fekk me leiga hus. Neste dag var det ein tyngre etappe; me skulle nå ein båt i Gudvangen klokka tre (15.00). Det var motbakke heile vegen, men ned Stalheimskleiva måtte me leia syklane. Det var så bratt at me leit ikkje på bremsane. Me nådde båten med eit nødskrik, så då fekk me kvila.

Det var Malene som bestemte ruta; det sulle vera same vegen som Bergit Eikedal hadde fortalt om. Båten gjekk innom Flåm, og der låg den ei stund. Malene gjekk i land og opp på Fretheim Hotell og fekk låna telefon og ringja til Lærdal og tinga nattelosji. Ho måtte vel ha fått greie på kven ho skulle ringja til!

## *Til Lærdal om natta*

Til Lærdal kom me i tolvtida om natta, men det var ei lys sommarnatt, så me fann fram. Ho me skulle få rom hos, stod ute og venta på oss. Det var visst passkontroll og der nede, men me hadde det travelt og lurde oss forbi. Det var ei ung dame som kom med båten, som ikkje hadde tinga hus. Då var det spørsmål om me ville dela rom med henne. Ja, ikkje berre rom, seng også. For det var berre to senger på rommet. Alice og Malene skulle dela ei seng, så då var det opp til meg om eg ville dela seng med den framande dama. Men eg var ikkje lysten på å dela seng med eit vilt framande menneske, så stakkaren vart visst gåande ute i sommarnatta. Nei, eg veit ikkje kor det gjekk med denne dama.

Neste dag var det same varme veret, så me ville prøva å bada i sjøen før me tok på motbakkane. Me fann ut at det var mykje kaldare i sjøen i Lærdal enn heime i Samnangerfjorden.

Det vart ein strevsam tur oppover mot Filefjell, men då me kom så langt, låg Maristuen høvfjellshotel og blenkte i kveldssola. Så var det

min tur å spørja etter hus for natta. Jau, det gjekk fint; me overnatta på Maristuen.

Det vart flatare over fjellet, men det var ein og annan motbakke. Det merka me då det gjekk olme oksar å beita attmed vegen; då trødde me for livet i motbakkane.

Det var eit hotell lenger aust; Nystuen. Der var me og fekk kjøpa litt skumma mjølk. Så var det unnabakke så grusen spratt ned mot Øylo i Valdres. Då såg me at me var komne til Austlandet. Husa var annleis enn heime. Brått vart me var eit skilt; rikstelefon. Då kom Alice på at ho hadde lovt å ringja heim. Det var ikkje alle som hadde telefon i den tida, men far til Alice, Mons Frøland hadde bakeri og brødbutikk og dei hadde telefon. Ja, etter litt plunder så fekk ho kontakt med mor si. Ho kunne fortelja at det hadde vore stor badesøndag på Tysse. Men no kom badegjestane fossroande inn att frå Førøyodden; det kom floabya på dei. Ikkje rart det var vanskeleg med telefonen; det var torever der heima.

Me hadde tenkt oss til Fagernes. Har eg gløymt å fortelja at me hadde vegane for oss sjølve? Eg kan hugså me trefte ein stor tysk lastebil på vegen mellom Skjervet og Voss. Elles så var det ingen trafikk. På Fagernes tok me inn på eit ungdomsherberge. Det var det simplaste losji me hadde på turen. Berre nokre grove ullteppe oppi køyene. Det var visst mykje mygg og. Me var oppsvulma i ansiktet dagen etter. Me stoppa ei stund på Fagernes. Der var ein kafé og det var ei stund sidan me hadde ete middag, så det bestilte me. Det kom noko fisk på bordet og rikeleg med småpoteter. Fisken var ikkje heilt god, men det kan henda me var litt godt vande. Eg var vant til å få god middag kvar dag. Kristina var flink å koka. Nitten år gamal vart ho gift med Hermann og tok til med å verta husmor og koka til familie og arbeidsfolk. Dei var sikkert godt vande dei andre to også. Eg trur ikkje nokon på Tysse serverte skjemd fisk.

### *Tigga poteta vår!*

Best me sat der med bordet, kom ei hand frå nabobordet og ei austlandsstemme som spurde: ”Kan ikke jeg få den solpoteten ?” Det var vel ei slik grøn potet som me hadde hurt skalle vera giftige, men på Austlandet heitte det solpotet altså. Ja, ho fekk sjølvsagt poteta, og me

fekk ein ny oppleving: Tenk å tigga ved naboborda!

Så var det å ta fatt på vegen igjen ned gjennom Begnadalen med mykje aude granskog. Det var visst Alice som hadde havregryn med. Primus hadde me og. Så i staden for den mislukka middagen, fann me ut at me skulle koka havregrynsgraut. Men primusen ville ikkje virka, så det vart litt vassbløytt havregryn me måtte nøya oss med. Om kvel-den kom me fram til ein stad som heitte Engerodden attmed ein innsjø som heitte Sperillen. Der fekk me rom med skikkelege senger.

Neste dag måtte me sjå litt nøye etter kor det stod til med sykkel-dekka. Det var berre grov grus på alle vegar då. Asfalten var vel ikkje oppfunnen. Eg hadde ein ganske ny sykkel. Eg kan ikkje minnast at det var noko sers gale hos Alice heller. Men Malene var det verre med; På bakhjulet hennar var det blitt ein ”bule”. Nett før det punkterte. Me var i aude granskogen, det var ikkje nokon verkstad i nærleiken. Me hadde med oss forbindingssaker i tilfelle me skulle kutta og skrubba oss. Men gasbindet laut no gjera nytte no. Me surra stramt rundt den kritiske staden på hjulet og så sykla Malene med bandasje på bakhjulet. Gasbindet var slitesterkt. Det heldt heilt til Oslo.

Me kom til Hønefoss og der var det butikkar, så me vart einige om å spandera dyrebare rasjoneringsmerke og kjøpa eit brød. Så me gjekk inn på ein brødbutikk og spurde etter langebrød. Då såg dei rart på oss. Dei hadde ein sort som dei kalla husholdningsbrød på fasong som eit kneippbrød. Ja, det var ikkje noko å velja i i krigens dagar, så det kjøpte me og la det oppå ryggsekken under lokket.

No var det flat og fin veg heilt til me kom opp mot Sollihøgda. Der sette me oss bort til fjellsida og skulle smaka på det austlandske husholdningsbrødet. Så var heile brødet forsvunne. Enten hadde me mist det, eller nokon hadde vore så nær oss at dei hadde teke det. Eit brød var gull verdt den gongen.

Men det var heldigvis flott unnabakke no ned mot Sandvika. Så var det flatt og fint heilt til Oslo. Hus i Oslo hadde mor til Alice, Kristina Frøland ordna med. Ho hadde ei ungdomsvenninne frå Tysse; ”Klippa-Gunhild” (sjå Årbok for Historielaget 2006, s. 41), som no heitte fru Simonsen og budde i Bogstadveien 21. Me fann fram til adressa utan problem og sette syklane i frå oss nede og gjekk opp trappene og inn og presenterte oss. Som ein vind var Simonsen nede og henta syklane

våre og bar dei opp alle trappene. Det var enten 4. eller 5. etasje dei budde i. Syklane kunne ikkje stå nede.

## *I Oslo*

Gunhild Simonsen og mannen var veldig kjekke folk. Dei hadde stor leilighet. Dei leigde ut til studentar om vinteren, så der fekk me eigne rom. Fru Simonsen var i arbeid om dagen; ho var serveringsdame på ein fin restaurant. Me skulle no sjå oss litt om i Oslo når me først var komne så langt. På den tida var det skikk og bruk å besøkje slekt og vener. Ja, Alice hadde besøkt vener til mora, Malene hadde visst ikkje nokon i Oslo. Men eg visste at ei syster til bestefar, tante Kristina budde på Grorud. Mannen hennar heitte Kristian Johnsen. Me sykla ikkje inne i Oslo, så det var vel buss me tok, det hugsar eg ikkje heilt. Men me kom til Grorud, det var ein liten tettstad; hus på begge sider av veggen. Så gjekk me berre inn på ein butikk og spurde om dei kunne seia oss kvar Kristian Johnsen budde. Ja, det var rett over veggen og opp i andre etasje. Der troppa me opp, og tante Kristina syntest det var dristig å reisa i desse farlege tider. Men me hadde ikkje merka noko til krigen. Dette var siste krigsåret, og me merka sjølvsagt at det var vanskeleg å få tak i mat.

Eldste dotter til Kristina budde heime, ho hadde ein liten gut. Eg trur Kristina sa at mannen hennar var på skauen. Seinare har me endeleg haurt om "gutta på skauen".

Så kom Kristian Johnsen heim frå arbeid. Han arbeidde på eit steinhoggeri, eg meiner han sa at dei arbeidde på Monolitten i Frognerparken. Det visste no ikkje me så mykje om. Ikkje les me avisa og ikkje hadde me radio. Men eg veit at han skaffa gravsteinar når nokon i slekta døydde. Det står ein gravstein på kyrkjegarden på Ådland endå som er komen i frå han. Han tykte det var stas å få besøk frå Vestlandet.

Me kom oss ned til Oslo igjen. Eg trur me var på kino om kvelden; måtte vel nytta anledninga når me var i ein by. Så var det til Bogstadvæien igjen. Neste dag skulle me ta til på heimvegen. På eit eller anna vis fann Malene ein verkstad der dei fiksa litt på sykkelen. Nye dekk var det ikkje snakk om i den tida, men dei la vel ein god lapp under, så me sparte resten av gasbindet.

## *Fekk haik*

Så bar det opp Numedalen, men Malene var på utkik etter haik heile tida. Jau, ein eller annan stad før Kongsberg, trefte me to karar med lastebil. Dei skulle oppover dalen og henta tømmer. Opp på lasteplanet med sykklar, ryggsekker og oss. Då kom me lettvtint langt opp dalen.

Me sykla eit lite stykke etter at tømmerbilen ikkje skulle lenger. Då kom me til Veggli og der var det husrom å få. Rommet var utstyrt med gamaldags vaskesett; vaskefat og mugge med vatn og toalettbøtte. Ja, me vaska oss og slo vatnet i toalettbøtta. Då me stod opp av sengene om morgonen, flaut golvet. Toalettbøtta lek som ein sil. Men me kom oss derifrå, og tok fatt på motebakkane igjen heilt til me kom til Dagalí.

Heime hos Alice hadde dei lese om "Rottenikken" i avisa. Seinare har eg lese boka om den berømte personen. Det var akkurat i dei traktene han heldt seg, men me såg heldigvis ikkje noko til han. Me kom fram til Skurdalen om kvelden og der var det hus å få i eit stort brunt tømmerhus. Der sov me godt, og om morgonen var det dekkka fint frukostbord til oss. Her var ost, smør, syltetøy, brød og lefser. Me gjorde ære på maten. Me greidde ikkje slutta å eta så lenge det var noko på bordet. Me var litt flau over oss sjølve då me reiste derifrå.

Så var det forbi Geilo, Ustaoset og Haugastøl. Etter ein motbakke der, var det full stopp. Der pågjekk eit sværa anleggsarbeid. Tyskarane hadde og funne ut at dei ville ha heilårsveg over Hardangervidda. Det var snøoverbygg som skulle byggjast. Vegen var som ein nypløygd potetåker etter all kjøringa. Så der var ikkje råd å sykla. Me leidde syklane og visste ikkje kor dette skulle gå. Men som de veit; der det er anleggsarbeid på gang, der er det også samningar, heldigvis. Der trefte me på Sverre Lien i frå Tyssevika. Han tykte synd på oss som strevde på denne forferdelege vegen. Men han visste om to austlendingar med lastebil som skulle til Kinsarvik og henta noko til anlegget. Så var det greitt; opp på lasteplanet med sykklar og sekkar og oss. Det var vår første tur over Hardangervidda, bak på eit lasteplan.

De må ikkje tru at vegen ned Måbødalen var slik som i dag. Nei, der me sat bak på lastebilen såg me rett ned i avgrunnen i yttersvingane. Me fekk stola på sjåføren... - og det gjekk bra. Me kom vel fram til Kinsarvik og fekk rom på hotellet.

## *På dans*

Dette var ein laurdag, og austlendingane var visst godt kjende. Dei hadde vel vore mange turar nedover. Dei visste at det skulle vera dans i ungdomshuset på Ringøy, dei skulle innover, og me skulle få vera på lastebilen dersom me ville. Ja, den dagen hadde me kome lettvt fram, så det tilbodet takka me ja til.

I ungdomshuset var det stappa fullt og me trefte mange samningar som var på vegarbeid der inne; Bjarne Lægland, Harald Kvernes, Nils Høysæter (han som seinare på sommaren drukna i Kvanndalsvatnet), ja det var visst fleire og. Det måtte visst ikkje vera så nidkjære politiar der som heime. Det var jo strengt forbudt å samla folk saman. Men her i Eidfjord såg me ikkje ein politi.

Neste dag var det båt over til Kvanndal, og då var me nesten heime. Me hadde sett Austlandet og Oslo og me hadde hatt ein fin tur.

Så til slutt om ei dansetilstelling i Samnanger under krigen:

Det var ein gong nokon som hadde våga å laga til dans med trekkspel-musikk i ungdomshuset i Frølandsdalen. Rett som det var så hørde me; Politiet kjem! Alle mann ut så fort det let seg gjera, men alle kom seg ikkje ut fort nok, deriblant Alice. Politi Moen kjende vel ikkje dei andre, men Alice stod på butikken hos faren. Alice fortalde mange år seinare korleis det gjekk til: Ho fortalde om hendinga til foreldra om søndagen, og ganske riktig; tidleg måndag morgon troppa Moen opp og skulle ta forhør. Få namnet på spelemannen og kanskje dei som styrer med huset. Men den gongen forreknar politi Moen seg. For Mons Frøland følgde med, og som ein vind kom han inn bakdøra til butikken, sette augo i Moen og sa: ”Ka e detta her, ho e kje myndig!”. Moen måtte berre tutla seg ut att. Det var vel ikkje lovleg å ta forhør av mindreårige den gongen heller. Alice var sjeleglad for ho slapp å verta angivar

*Takk til Edith for flott historie. Med det gode minnet Edith har kan ho sikkert fortelja mykje meir om både krigen og andre hendingar i livet hennar.*

# Eit tidleg barndomsminne – då eg var med på evakueringa til Holmane

*Av Nils Gåsdal*

Eg vart fødd og vaks opp på Ytre Tysse, i gata i det huset som Edith Kvernes bur no. På eine sida av huset budde Kristina Galland og ho hadde tre døtre; Annemor, Malene og Konny.

På andre sida av huset budde Mons Frøland og kona hans Kristine. Dei hadde ein son, Torleif, og ei dotter, Alice.

I huset nedanfor oss, på andre sida av vegen, budde Ole Knutsen og kona hans Gurine. Dei hadde to vaksne søner; Olav og Knut.

Det eg vil fortelja, hende i 1940, og var enno ikkje fylt 6 år. Det var i aprildagane, og dei vaksne snakka om at det hadde vorte krig. Tyskarane heldt på å hærta landet. Kristina hadde radio, og kan henda ho hadde høyrte om panikkdagane i Oslo. For ho meinte me måtte reisa opp i Holmane. Kristina var søster til Elna Gjørn i Holmane som var gift med Jan Olai Solberg, best kjent som "Holma-Janen".

Eg hugsar ikkje heilt kva eg synest, men eg synest nok at det var spanande. Eg var mykje i lag med Konny, for ho passa på meg når det trongs. Ho var 12-13 år og stor jente.

Me skulle gå frå Tysse til Holmane.

Så la me i veg. Me var sikkert eit syn der me gjekk. Me var mange. Eg og søster mi Gerd og Pappa Lars, Kristina, Malene, Konny og Annemor. Annemor kunne ikkje gå, så ho måtte setjast på ein spesiallaga sykkel som Kristina måtte trilla. Eg hugsar ikkje dagen me drog, men det var nok eit godt stykke ut i april. Eg minnest at det var bra ver, med litt sol og opplett.

Det var mykje brukt å dra på kaffitur med ungane den gongen, men dette var mykje meir enn ein kaffitur. Eg kan hugsar at då me var komne litt oppom Straumen, så kom det to tyskarar i full feltuniform, våpen og hjelmar hovudet. Dei stoppa oss og ville sjå kva me hadde med oss.

Dei vaksne sa at me skulle på tur til Holmane, kaffitur. Dei vaksne opna veskene og då kom det til syne 2-3 appelsiner. Det gjorde utslaget, for då smilte soldatane opp og nikka og ynskte oss god tur..

Frå Jarland kom det nokon fleire som skulle vera med. Det var ein strevsam tur å gå heilt til Holmane den gongen. Eg gjekk lett, men eg tenkjer på dei andre som måtte bera på sekker, og ikkje minst skuva på sykkelen med Annemor oppå. Det var ikkje nokon bilveg til Holmane den gongen; berre ein gangveg.



*Elna og Jan Solberg i Holmane. Biletet, som er teke ein gong på 1970-talet, har me lånt hos Hans Solberg.*



Men me kom no til slutt fram til Holmane før det blei heilt mørkt. Me blei nok vel mottekne når Elna fekk besøk av søstera. Det vart kveld og me fekk tildelt plass der me skulle liggja. Det var noko merkeleg som skjedde om natta; det kom stadig nye folk. Andre kvelden, etter at me hadde lagt oss, kom det endå fleire. Det er eit gamalt uttrykk eller ordtak: "Der det er hjarterom, er det husrom".

I stova var det bjelkar oppunder taket, og då la dei plankar og fjøler over bjelkane slik at det vart plass til alle i høgda. Det var berre snakk om ei natt, for dei skulle vidare om morgonen, og det var berre mannfolk. Det var sikkert folk som skulle heim igjen etter å ha vore på trefningar med fienden, og då var det vel sikraste å gå over fjellet. Etter kvart så roa det seg. Ein del av dei som var med oppover, gjekk ned att etter nokre dagar, men eg hugsar ikkje kor mange.

Eg hugsar at eg vart verande igjen med Jan og Elna, og vart teken vel vare på. Ein kveld heldt Elna og Jan på med å ysta ost, og så sa dei at eg måtte koma bort og sjå. Eg vaska meg på hendene og gjekk bort til kinna. Eg lurte på korleis det smakte, og då sa dei: "Du får stikka fingeren nedi og prøva". Eg så gjorde, og det smakte godt. Elna og Jan smilte og koste seg.

Det var ein bekk der i nærleiken, og eg trur Jan laga ei fiskestang til meg slik at eg fekk fiska i bekken. Jan sa at det var aure der, og eg fekk nokre aurar på kroken. Dei tok me med oss heim til huset og laga til middag. Om dei vart steikte eller kokte, det hugsar eg ikkje, men godt var det. Den fisinga syntest eg var morosam.

Eg hugsar ikkje kor lenge eg var i Holmane, men eg var heilt sikkert i ein månad, kanskje meir. Til slutt kom far min og henta meg heimatt. For meg hadde det vore ei fin oppleving.

# Alfred Myrland – den ukjende tusenkunstnaren frå Samnanger

*Av Svein Egil Kvale*

Alfred Myrland eller Alfred Olai Myrland som han var døypt, er vel ein mann som er ukjent for dei fleste samningar i dag. Ein skal nok vera litt opp i åra for i det heile teke å ha høyrte om denne mannen. Itol skismurning vekker nok derimot minne hos samningar som har levd nokre år. Kva er så sambandet mellom Itol skismurning og Alfred Myrland? Jau, Alfred Myrland var mannen som produserte den etter kvart kjende skismurningen Itol. Men dette var ein mann med langt fleire gjevnader enn å berre kunna produsera skismurning, og i denne artikkelen vil eg freista å henta han fram i lyset igjen.

## *Bakgrunnen*

Kven var så denne mannen, og kvar kom han frå?

Leitar ein vel og lenge i den eldste bygdesoga for Samnanger, så vil ein på side 394 finna han oppført som son nummer to av Aleksander og Kristi Myrland på garden Myrland under Steintveit. For dei som ikkje veit det, så ligg Myrland eller Hildershaugen like i nærleiken av sørenden av Fitjavatnet.

Myrland var ifølgje den eldste bygdesoga opphavleg ei markeslåtte under Steintveit som var skilt ut som eige bruk i 1834. I 1903 fekk den eldste broren til Alfred Myrland, Albert Mathias Myrland, skøyte på denne garden, men det var faren Aleksander Myrland som dreiv han. Garden er tungdriven og ligg langt til fjells. Brordottera Solveig Haukås har fortalt at det var mange tunge tak på garden og særleg vanskeleg var det vintersdagen. Då kunne det av og til vera så tett med snø at dei ikkje fann vegen til fjøset. Alt som skulle til husar, måtte ein bera på ryggen frå Steintveit, og det kunne vera litt av eit slit på bratte og ofte glatte stigar. Alt dette gjorde at foreldra søkte ned til bygda på sine eldre dagar og busette seg der. På sine eldre dagar vart Aleksander Myrland vegvaktar i bygda.



*Dette biletet av Alfred Myrland med trekkspel på fanget er teke medan han var i militæret på Ulven (Biletet er utlånt av Otto Haukås).*

Faren Aleksander Myrland eller Nordvik som han heitte då han kom hit til bygda i 1887, var fødd i 1865 og kom frå Nordvika i Vevring i Sunnfjord. I dag er dette ein del av Naustdal kommune i Sogn og Fjordane. Han kom til våre trakter som jernbanearbeidar på Bergensbanen, og som ein del andre jernbanefolk fann han seg kone og slo seg til her i bygda. Den som kan fortelja dette, er Otto Haukås i Os. Han er oldebarnet til Aleksander Myrland.

Mora Kristi Pedersdotter Frøland (Moltemyri) var fødd i 1852 og kom frå husmannsplassen Fossen eller Moltemyri under Frøland. Staden der denne husmannsplassen låg, finn ein like i nærleiken av Fossen Bratte. I dag står det ei hytte på grunnmurane etter det tidlegare våningshuset på plassen. Kristi var dotter til Peder Frøland eller "Fossa-Per'n" som kom frå Eikedalen, og kona Marie Elisabet Nystrøm som kom frå Lepsøy i Os. Mora hadde svensk far og var kjent for å vera ei framifrå dugande kvinne ifølgje den eldste bygdesoga.

Dei første åra etter at foreldra til Alfred Myrland var gifte, var dei nok busette i Eikedalen. Den eldste broren til Alfred, Albert Mathias Myrland, som var fødd 11. november 1888, fann eg oppført i klokkeboka for Samnanger frå perioden 1879-1897. Foreldra var då busette i Eikedalen, og det er rimeleg å tru at dei budde saman med familien til Kristi på husmannsplassen Fossen. Etter kvart vart det nok for trangt i denne heimen som også skulle hysa bestemora, tanta, onkelen og dei 5 søskenborna til Alfred. I åra mellom 1888 og 1903 finn ein derfor fleire spor i kyrkjebøkene som syner at foreldra hans nok måtte snart sjå seg om etter anna husvære. I kyrkjeboka for Samnanger i 1891 finn me søstera Johanne Magdalene Nordvik nemnd på Ytre Tøsse. Ho var fødd 9. januar og vart døypt 22. januar. Foreldra er oppgitt å vera "forpagter" Aleksander Johan Aleksandersen Nordvik fødd 1865 og hustru Kristi Pedersdr. fødd 1852. Går ein inn i den eldste bygdesoga på side 751, så vil ein få stadfesta dette. Der finn ein at Alexander Nordvik er oppført som paktar av bruksnummer 1 på Ytre-Tysse i 1890.

Men kvar skulle eg finna opplysningar om Alfred Myrland? Eg måtte orientera meg mot fleire nabokommunar for å finna spor etter mannen.

Etter ein del rundar fann eg endeleg nokre opplysningar om "den bortkomne sonen". I kyrkjeboka frå 1907 fann eg at Alfred Olai Aleksander-

sen Myrland var konfirmert 6. oktober. Her er det ført opp at han var fødd 23. desember 1892, og at han vart døypt 21. januar 1893. Ein finn også at han var vaksinert mot koppar 2. september 1895. Her fann eg også grunnen til at eg ikkje hadde funne opplysningar om han tidlegare, då det står at fødestad var "Vaxdal i Bruvik". Om faren Aleksander Myrland heiter det at han er møllar av yrke. Går ein så inn i klokkarboka frå Vaksdal frå året 1893, så finn ein raskt Alfred Olai Nordvik og at han vart døypt 21. januar 1893. På denne tida var det ikkje bygd kyrkje på Vaksdal, og ein måtte såleis ro over fjorden til Bruvik når ein hadde gjeremål i kyrkja. Her var det nok også Alfred Myrland vart døypt. Desse opplysningane fekk eg seinare stadfesta av slektningen Otto Haukås.

Eg var også heldig å koma i kontakt med den næraste familien til Alfred Myrland som i dag er busette i Os. Dette er etterkomarane etter den eldste broren, Albert Mathias Myrland, som var gift med Anna Pernilla Vaage, som også vart kalla "Sine-Anno" og var dotter til (Larsina) Sina Vaage i Samnanger. Albert og Anna hadde ein son og to døtrer. Sonen Alfred er død, men dei to døtrene Solveig og Agnes lever framleis.

Brordottera Solveig Haukås kan fortelja at dei ikkje såg så mykje til onkelen, då han flytta mykje rundt og sjeldan dukka opp på besøk i foreldreheimen deira. Ho har helst høyrte om han gjennom det foreldra fortalde. Han fortalde foreldra hennar m.a. at han hadde vore både i Sveits, Tyskland og i U.S.A. på jakt etter spesielle trekkspel som var eit av dei instrumenta han var særleg oppteken av. Ho kunne også fortelja at biletet av Alfred Myrland med trekkspel på fanget vart teke medan han var i militæret på Ulven. Han hadde visstnok ikkje noko særleg til overs for militæret og prøvde med alle midlar å koma seg bort frå tenesta der, noko han også til slutt greidde. Det var nok trekkspellet og musikken som stod i hovudet på han, og andre trivielle ting som t.d. militæret var av mindre interesse.

### *"Vandringsmannen"*

Få personar har vel flytta så mykje rundt som Alfred Myrland. Frå barndommen av ser han ute til å ha vore ei rastlaus sjel som stadig

søkte nye horisontar. Det blei også sagt at når Skatteetaten var på jakt etter han, så flytta han til ein ny kommune for å sleppa unna skattepresset. I fleire periodar budde han i Bergen, men ein kjenner også til at han budde i Os og i Fjell. Her i bygda budde han m.a. på Myrland, på Reistad og i den store hytta han sette opp mellom riksvegen og elva i Eikedalen. Hytta står framleis i modernisert utgåve like i nærleiken av det nye hytteområdet ytst i Eikedalen. Her var det nok ein plass Alfred Myrland kjende seg vel heime, og vegen til barndomsheimen på Fossen var kort. Dessutan kom han i nær kontakt med naturen, då han også var svært interessert i jakt og fiske. Ei tid var han også leiar i Samnanger jeger- og fiskarlag ifølgje bror dottera Solveig Haukås. Dei siste åra han levde, budde han på Haga hos Elisabet Skar.

### *Instrumentmakaren og musikaren*

Musikken og interessa for instrument var nok det som stod Alfred Myrland sitt hjarta nærast.

Den første gongen eg hørde om Alfred Myrland, var gjennom bestefar min, Aksel Kvale. Bestefar min hadde vore kamerat med Alfred Myrland frå ungdommen av, og dei vart kjende i den tida Alfred budde på Myrland (Hildershaugen) saman med foreldra. Bestefar min fortalde ein gong at han og Alfred hadde vore på besøk hos søstera til Alfred, Johanna Tveit. Ho budde då på tuberkuloseheim i Fana, og ho døydde seinare av denne frykta sjukdomen som også gjorde ende på mannen hennar.

Alfred Myrland titulerte seg som instrumentmakar og det var nok også heilt med rette. Det var ikkje det instrumentet han ikkje kunne reparera. Ifølgje bror dottera Solveig Haukås dreiv han også i ein periode etter krigen musikkforretning i Bergen, og det er naturleg å tru at han også hadde instrument frå Bergen Filharmoniske Selskap eller Harmonien inne til reparasjon medan han dreiv denne forretninga.

Bestefar min og Alfred Myrland var begge svært interesserte i musikk, og begge hadde anlegg for dette. Bestefar min var særleg interessert i fiolin, og han hadde endåtil planar om å utdanna seg i den retninga. Alfred Myrland som den tusenkunstnaren han var, kunne både reparera og endåtil byggja fiolinar sjølv. Fiolinane hans skulle vera av særleg god kvalitet. Slektningen Otto Haukås har ein fiolin i si eige som skal

vera bygd av Alfred Myrland, men diverre er bogen som hørde til kome bort. I dag har fiolinen fått heidersplass på stoveveggen.

Bestefar min hadde også ein fiolin som fekk skade, og sjølv sagt var det Alfred Myrland som fekk jobben med å reparera denne. Ifølgje far min, Egil Kvale, fekk fiolinen mykje betre klang etter opphaldet hos Alfred Myrland. Bestemor mi, Ingrid Kvale, kunne også fortelja at ho fekk Alfred Myrland til å reparera ein barnefiolin for eit søskenbarn av meg. Han skulle læra seg å spela fiolin og dette skjedde midt på 1960-talet, kort tid før Alfred døydde.

Alfred Myrland var også kjent for å stemma og reparera trekkspel og piano. Til bestefar min fortalde Alfred Myrland at han hadde arbeid på ein trekkspelfabrikk i Italia og såleis hadde stor kunnskap om nettopp dette instrumentet. I den tida han var busett i Eikedalen, var det mange samningar og folk utanfrå som hadde trekkspela sine til reparasjon eller stemming hos Alfred Myrland. Då han også dreiv med reparasjon og stemming av piano, var det einskilde som meinte at han endåtil bygde hytta si i Eikedalen av gamle pianokassar. Dette var nok truleg ei sterk overdriving.

Far min, Egil Kvale, fortalde at han fekk ein skade på gitaren sin i 1957, og at han då sende gitaren til reparasjon til Alfred Myrland som på den tida var busett i Fjell. Gitaren vart send i Posten!!!, og kom vel fram til Alfred Myrland som sette den i stand. Gitaren kom attende god som ny, og far min har den framleis i si eige.

### *Produsenten av Itol skismurning*

Alfred Myrland kunne også meir enn å reparera instrument. Han var som tidlegare nemnt også produsenten av skismurning Itol.

Eg er sjølv så heldig at eg har ein original tube med Itol skismurning som framleis er uopna og heilt intakt. Denne kom eg over for nokre år sidan i ein antikvitetsforretning i Bergen. Slike tubar det er det nok fleire i Samnanger som har teke vare på som minne om tidlegare tider. Det går framleis fleire historier om kva denne skismurning inneheld, og somme meiner endåtil at gamle grammofonplater eller såkalla ”stein-kaker” var ein av ingrediensane i skismurning. I alle høve er det nok ikkje tvil om at parafin og tjøre var viktige ingrediensar. Ein periode leigde Alfred husvære på Reistad hjå familien til Torgils Reistad på

Framnes. Der held han til i kjellaren på våningshuset og kokte ski-smurning i ei stor gryte, og det same skal han ha gjort medan han var busett i Eikedalen og på Haga.

Trygve Høysæter er ein av dei som sjølv nytta Itol, medan den framleis var å oppdriva. Han sa at dei brukte Itol, også før krigen. Det vart rekna som ein god smurning, spesielt tursmurning. Men på enkelte typar føre var den også rekna som veldig god til langrenn. Trygve meinte å hugså at Itol var spesielt god på tørr snø. Elles var det eit pluss med Itol, i





motsetnad til mange andre smurningar av typen klister og andre smurningar som er på tube, at den var lett å vaska av, altså at det var lett å få den av fingrane. Ein brukte gjerne appelsinskal til det, sa han. Eivind Høysæter, son til Trygve Høysæter, hugsar også at ein nytta appelsinskal - for også han har brukt Itol, og han kan fortelja at dei sykla til Haga og handla det. Då handla dei Itol direkte av Alfred Myrland som budde på Haga hos Elisabet Skar dei siste åra han levde. Der heldt han til i den tidlegare skifabrikken og produserte skismurning. Svein Holdhus, ein av nabogutane på Haga, kunne fortelja at dette var den beste skismurningen han nokosinne har brukt, og ifølgje Eivind Høysæter kunne den nyttast på alle slags føre.

På framsida av skismurningtuben som er lysblå med grå kork, står det mellom anna Skismurningen Itol og ein finn også forklaringa på namnet, der dei første bokstavane i orda Ideal Tur Og Løipe saman dannar namnet ITOL. Av tuben går det også fram at produsenten av smurningen er "Instrumentmaker Myrland A/S, Bergen". På baksida av tuben finn ein omtale av skismurningen på fire ulike språk; norsk, engelsk, tysk og fransk. I den norske omtalen står det mellom anna: [—] "ITOL er en fremragende tur og Slalom-smurning. Den holder fantastisk på motbakke og gir nedover en utmerket glid" [—]. I den engelske versjonen finn ein også ei brukarrettleiing med detaljert informasjon om korleis ein skulle nytta smurningen. Tyskarar og franskmenn som måtte finna på å bruka smurningen, var det tydelegvis ikkje så nøye med. Dei fekk greia seg etter beste evne utan noko brukarrettleiing.

Ser ein nærare på øskja som høyrer til tuben, så vert det mellom anna reklamert med at skismurningen er lett å smørja og kan smørjast på våte ski. Det står også at ein kan vaska den lett av med bensin eller gni den av med appelsinskal. Her finn ein også ei utførleg brukarrettleiing der ein får informasjon om alt frå mengde smurning til underlag på skia. Det vert særleg lagt vekt på at om ein har eit gammalt lag Itol på frå før, så må ein for all del ikkje finna på å skrapa det gamle laget av. I staden vert ein oppmoda om å flikka på det eksisterande laget med ny Itol. Eg vil tru at dette ikkje hadde vore særleg salsfremjande i våre dagar, og ingen produsent av skismurning hadde kunna overlevd med ein slik filosofi. Det heile seier vel litt om andre tider og andre haldningar enn det ein finn i dag.

## *Sluttord*

I denne artikkelen har eg prøvd å gje eit lite innblikk i livet til den ukjende tusenkunstnaren frå Samnanger, Alfred Myrland. Han var ein av dei som våga å gå sine egne vegar, sjølv om dette nok hadde sin pris på godt og vondt.

På slutten av livet sitt kom Alfred Myrland attende til Samnanger. Her døyde han 17. januar 1967, og han ligg gravlagd på kyrkjegarden på Ådland.

*Dersom det er nokon som har fleire opplysningar om Alfred Myrland, så ynskjer eg gjerne at de tek kontakt med meg på tlf. 95052512 eller på e-post: svek@kvam.kommune.no*

# Ei langdryg byreise - og heimefødsjar på Tysse

*Av Tor Wold*

Hjørdis Gaupholm (f. 1920) er gift med Sverre Gaupholm (f.1920), og dei bur i Arna. Men dei vaks opp i Samnanger. Far til Hjørdis, Vincians Barmen (1893-1978), var båtbyggjar i fjøra nedanfor barndomsheimen hennar, og han bygde mange båtar. Det var både fiskeskøyter og lystbåtar, og tidvis hadde han fleire mann i arbeid.

Eg var komen til dei for å høyra om båtbygginga i Barmen. Men når ein snakkar med folk, får ein ofte høyra om mykje meir enn det ein hadde tenkt.

Så her skal de få eit par historiar frå Hjørdis Gaupholm:

## *Ei langdryg byreise*

Då eg var jente budde me i Barmen, og besteforeldra mine på morssida hadde ein gard på Milde. For å koma dit, gjekk me til Tysse, derfrå tok me båten til Os. Så følgde me Os-banen til Rå. Der hadde me ei tante og ein onkel. Og dit kom bestefar min og henta oss med hest og kjerre.



*M/S Solstrand, som trafikkerte Tysse frå 1899 til 1934. Biletet er frå Tysse 1899.*

Slik kom me på besøk til dei, og dette var enklaste måten å reisa dit på.

Men det var ikkje betre når ein skulle til og frå Bergen heller. Ein gong hadde mor og bror min og eg vore i byen hos mor sin bror som var jernbanemann. Det var i 1926, då eg var 5-6 år og bror min var tre. Den gongen var ikkje vegen langs Skuggestranda bygd, og bussruter fanst ikkje.

Då me skulle heim att, måtte me ta toget frå Minde til Trengereid. Derfrå skulle me ta drosje heim att. Men då me kom til Trengereid, hadde det snøa så fælt, så drosjen kom ikkje fram over Gullbotn. Då sa mor mi at me fekk reisa attende til byen. Og me ungane hylte. Me ville ikkje til byen igjen.

Så var det ein mann der som fortalde at øvst oppe i Trengereiddalen, på garden som ligg til venstre, var det ein plass der me kunne overnatta. Der tok dei imot folk mot betaling. Han skulle same vegen, og følgde oss. Han hadde ein stokk, som han tok kofferten til mor på. Og me stampa oss opp gjennom dalen. Han bar bror min ein del av vegen også.

På garden fekk me overnatta. Og neste dagen fekk me køyra vidare med han som budde på garden. Han køyrde oss med hest og kjerre, like til Ådland. Der overtok Tomas Aadland, han skulle køyra oss heim med drosje.

Men då me var komne til Grønnevika, like innafor den gamle dokturbustaden på Tysse, stoppa bilen og ville ikkje gå meir. Så derfrå måtte me gå heim til Barmen. Det var ein tur frå byen som tok eit døger. I dag tar det vel under ein time.

### *Heimefødsel*

Dei første åra eg var gift, under krigen, budde eg i Barmen, heime på lemnen, hos foreldra mine. Mannen min, Sverre budde på Voss. Der hadde han hadde jobb som ingeniør. Voss var blitt bomba av engelskmennene i 1940, og han var med på gjenoppbygginga. Han kom berre heim av og til, og då fekk han ikkje køyre med toget. Det var krig, så vanlege folk fekk ikkje vera med der. Men han sykla heim av og til.

Første dottera vår fødde eg heima på loftet, det var i 1944. Halvtanna år seinare, fekk eg tvillingar. Doktoren hadde sagt at når folk var så dryge som meg, så burde dei til byen før dei fødde. Han sa ikkje at det

var to.

Det var meininga at eg skulle reisa til byen over helga, men så vart eg dårleg om laurdagen. Dette var om hausten i 1945, og det var ikkje bil å få.

Eg fekk sendt bod etter jordmora, som budde i Tyssevika. Jordmora kom syklende. Ho hadde ei panne med kokte instrument bakpå sykkel. Ho sa at ho kunne ikkje bli lenge, for ho var hos ei anna fødande.

Då ho fekk undersøkt meg, sa ho at eg ville fø snart. Så ho sende bod til doktoren at han fekk gå til den andre som skulle føda. Jordmora hadde oppdaga at det var to. Men ho sa det ikkje til meg. Ho berre kviskra det til mor.

Fire timar seinare kom den første jenta, og ein time seinare var begge fødde. Då den første var komen, la eg neven på magen og så kjende eg sjølv at her var ein til. Så slik var det den gongen! Og no er dei 63 år gamle.

Jordmora heitte Astrid Klungset, og ho var andre generasjon jordmor i Samanger. Ho budde i det vesle huset som ligg ovanfor Ole Børdal og Annemor Holmefjord. Mor hennar heitte Anna Larsen.

Det var Astrid Klungset som tok imot meg i 1920! Då eg vart fødd, var ho nett utlærd jordmor. Og då eg fekk mine, var det like før ho vart pensjonist.

Mannen hennar, Bjarne Klungset, reiste rundt som emissær. Det var mange gode herm etter han. Dei fekk sjølv tvillingar, og då kom folk med sengemat. Så kom det ei kone på besøk, og ho sa:” Eg har no med litt rømmegraut, men de har vel fått så mykje, så de er vel lei det”.

-”Ja,” sa han, ”dette er den 27., men me har no greidd å halda det unna til no.”

Han var nok glad i rømmegraut, Klungseten.

# Tveit ungdomslag sine første femti år

*Om nokre veker går me inn i 2009, eit heilt spesielt år for Tveit ungdomslag. Då er det 100 år sidan laget vart skipa. I 1959 vart saga om laget sine første femti år skriven ned. Mellom dei meir spesielle episodane me får høyra om er då formann Vincent Tveit (far til Sture, Helga, Agnes og Barbra) hamna i retten under krigen, men vart frikjent «avdi retten ikkje kunne avgjera om kostervals var turdans eller ei».*

*Det som står om den første tida er skriva av Nils K. Langeland (far til Knut N. Langeland) og Ingjald Tveit. Resten er skriva av Knut N. Langeland og Johannes N. Langeland.*

1909 – 1919

## *Opptaket og første åra*

I 1907 eller 1908 vart det skipa ungdomslag på Tysse, der ungdomar frå Tveitakrinsen og andre krinsar i bygda var med. Ungdomane her vart snart leie av den lange vegen til møta på Tysse, og i 1909 vart so Tveit ungdomslag skipa med lærar Henrik Fidtje som formann.

Laget hadde første åra møte annakvar sundag i skulestova. På møta var det oftast ordskifte om ymse emne og av og til foredrag av bygdefolk eller tilreisande. Ordskifta var som regel nokso livlege. Her var ofte med drevne karar som Klokkaren, Guleiken og Samelen, og so kom her etter kvart med framande arbeidarar ved B.E.V.. Eit par av desse, B. Årdal og Sirnes, hadde vore med i ungdomslag før og hadde godt lag til å få liv i diskusjonen. Årdal var og sjef for innøving av første spelstykket. Det vart synt fram her vinteren 1910-11. "Ein besettelse" heitte stykket og vart synt fram av Anne Fidtje, Anna Lavik, Torgils Fidtje, Nils K. Langeland og Johan Nyteveit. Mindre roller hadde Barbru Langeland, Sirnes og Ingjald Tveit. Skulestova var teatersal og eit gammalt brudlaupsbord på to kassar var speltele.

Laget hadde frå starten handskrive blad, der medlemene skreiv både

ålvor og skjemt – mest det siste, kanskje. Det var litt diskusjon om namnet, før ein kom fram til at ”Ilagsmannen” var det beste.

I 1912 fekk laget sitt eige hus. Ei anleggsbrakke som i 3-4 år hadde hyst tunnelarbeidarar, vart kjøpt for kr. 350.-. Etter noko ominnreiing vart det brukande både møtesal og kjøken.

Til folkeviseleik var denne salen laglegare enn skulehuslemmen som vart brukt dei første åra. Og særleg var det nye huset laglegare til fram-syning av spelstykke, og so kjende ein seg mykje friare når ein fekk ståka i eige hus. Første to åra etter at laget kom i eige hus, vart synt spelstykkka ”Laurdagskveld til støls” og ”Eit gjentelag i Kvithaugen”.

## 1917 – 1929

### *I. Giftetankar*

Frå 1917 til 1925 var Ingj. Tveit formann i laget.

I denne åtteårsbolken var det etter måten lett å arbeida i ungdomslaget, for det var mange heimeverande ungdomar i krinsen desse åra og flest alle var medlemer i laget, og vart meir eller mindre aktivt med i programma. Frå 20-45 medlemer var det desse åra, så med litt godvilje kunne det verta trøysame og lærerike møtekveldar. Møta skifte med ordskifte, foredrag, opplesing, blad, song, heradstyremøte og songdans som før. Spelstykke vart ofte synt fram. Johs. G. Tveit er vel den spelaren som dei fleste gonger har synt fram sin skodespelgivnad. Anna K. Langeland var også flink spelar. Elles måtte nokon kvar prøva scenekunsten sin. Festar vart halde to-tre gonger årleg, men sjeldan vart det skipa berre dansemoro.

I 1921-22, altså før Frøylandsdalen ungdomslag hadde eige hus, vart det slik kjærleik mellom Tveit og Frøylandsdal u.l. at på eit sammøte vart det vedteke at laga skulle gå saman og byrja samla pengar til nytt hus. Ein marknad vart også halden same året. Men kjærleiken kolna og trulovinga gjekk om inkje. Hadde høsavegen vore bygd i denne tid, hadde det truleg vorte eit par av desse to laga.

## *II. Nytt hus på eigen grunn*

Den gamle barakka innmed Langelandselva var no så til nedfalls at laget måtte byggja nytt hus. Planen var å skaffa tuft i Solåsen, rett ovanfor slaktehuset, men laget vart neita grunn. Tuft fekk så laget vederlagsfritt hos N.K. Langeland der det no står. Knut Nyutløtræ og Hal-dor Langeland utførde arbeidet med tuft og plan for kr. 620,-. Bernt Nytveit bygde huset som var planlagt av Nils J. Langeland. Huset kom på om lag kr. 5000,-.

Huset vart vigsla påskedag 1923. Skuleinspektør Bernhard Sudmann held vigslingstalen. Huset tykte alle godt om. Martin Høysæter hadde måla sceneteppet med motiv frå Tveit. Sceneteppet vart betalt med kr. 215,- og var eit verdfullt arbeid som skulle vore teke meir vare på. Målaren hadde kunstnargivnaden og hadde lagt ned mykje arbeid på teppet.

For å få reist nybygget måtte laget låna kr. 3000,- i Samnanger spare-bank. Det tok lang tid før laget greidde kvitta seg med denne skulda, så det er ikkje små summar laget har betalt i rentepengar frametter åra.

Spelemenn ved festar og tilstellingar desse åra var Knut og Nils Haga og Peder Svendsdal. Nils Haga var ein landskjend storspelar. Spelemannsløna var om lag 20 – 25 kroner, og spelemennene sat trutt på spelemannskrakken frå kl.9 til 4-5 om morgonen, så det er skilnad på spelemannsløna no og då.

Kvar vinter tok laget mot ferdatalar som Hordaland ungdomslag sende rundt i laga. Dei fleste av desse var gjæve landskjende menn som det var verdfullt å lyda på.

## *1930 – 1949*

### *Skiftande tider*

Det var mykje skiftande tider her i landet i denne 20-årsbolken. Fyrst hadde ein krisetida i 30-åra, dernest verdskrig og okkupasjon, og så etterkrigstida med godt om arbeid og mykje forandra tilhøve mot som det var før. Dette måtte og verka inn på ungdomslaget, på deira program og arbeidsoppgåver. Referata frå denne tida vitnar om at laget



var aktivt, heile 160 sider er nedskrive om lagsarbeidet i desse åra.

Dei fyrste åra var det nokre lagsfolk som vart mykje brukt i lagsarbeidet. Me kan nemna Ingjald Tveit, Ingvald Tveiterås og Nils Nyteveit. Desse, som alle hadde gått noko skular, heldt ofte foredrag, innleidde til ordskifte, las opp m.m. Referata frå desse møta gjev som regel gode lovord til dei opptredande. Og sikkert gav desse programma mykje verdifullt stoff til lærdom og ettertanke for publikum. 100-årsminnet for Bjørnsons fødsel i 1932 høgtida ungdomslaget med tale og opplesing av Knut Tvedt. Ferdatalarar som gjesta laget samla og bra med folk. Songkor under leiing av I. Tveit var og i gong ei tid.

Frammøtet til u.l. var godt. Men det var diverre få som var aktive, anten det gjaldt bladskrivning, deltaking i diskusjonar, eller anna program. Derfor vart det litt vanskelegare å få fart i lagsarbeidet fyrste åra etter at dei gamle kreftene vart borte frå laget.

Programma no utover vart serleg ordskifte og heradstyremøte. Ordskifta gjekk oftast om eit aktuelt emne i tida, og vart då gjerne sakleg og greitt. Heradstyremøta derimot hadde som regel slike saker føre at det umogeleg kunne verta noko sakleg ordskifte av det. Men det var program som ein kunne få til i ei handevending når andre programpostar svikta.

Johs. Solheim var formann frå 1936 – 1939, og me hadde ein liten prat med han om kor arbeidet gjekk i laget då han var med. Han let vel, interessa hadde vore svært god. Alle ungdomane møtte fram til lagsmøta, stundom nokre eldre og. Det var lite pengar mellom folk i denne tida og konkurranse med andre tilskipingar var det om lag ikkje. Elles vart det ofte framsynt skodespel, gjerne to gonger i året. Og spelarane vart etter kvart svært flinke.

Vincent Tveit var formann i krigsåra. Ein spør derfor han korleis tilhøva var under krigen. Til å byrja med hadde ikkje det nye landsstyret så stor innverknad på lagsarbeidet. Men så vart styret for Noregs ungdomsslag og Hordaland ungdomslag avsett og nye folk sette i staden. Dei nye var då slike som sympatiserte med NS. Sameleis skulle det verta kringom i einskildlaga. Men her møtte dei nye planane ein samla motstand, så nokon serleg forandring vart det ikkje.

Her i Tveit ungdomslag vart lagsarbeidet nedlagt i ca. to år som protest mot dei nye ordningane. Dans vart og forbode. Ungdomane skulle

ikkje moroa seg medan frontkjemparane forblødde på slagmarka. Dette forbodet vart likevel ikkje halde. V. Tveit måtte møta for retten to gonger av den grunn. Eine gongen fekk laget mulkt, men slapp andre gongen avdi retten ikkje kunne avgjera om kostervals var turdans eller ei.

Dei økonomiske tilhøva vart etter kvart betre for laget, og det vart innkjøpt koppar og kaffikjel. Resten av skulda på laget vart og betalt. Det som gav best netto utbytte for laget var korgafestane og skodespela.

Ein ting som vart byrja med under krigen var skitevlingar for grenda-folk. Her var interessa god, så mange var det som røynte krefter med kvarandre desse dagane.

Lagsarbeidet gjekk i det heile svært godt den tida laget fekk fred for styresmaktene. Det var fleire aktive då enn kanskje nokon gong før, serleg kom gjentene meir med i programarbeidet enn kva tilfelle var før. Og dermed vart det og nye programinnslag som alltid er interessant. Alle var viljuge til å laga program, og laget stod samla og arbeidde for sine idear. Skogplanting og sykkeltur til Strandvik ungdomslag, høyrer og med til bilætet for denne tida.

Det har i alt vore 11 formenn i denne 20-årsbolken (sjå særskild statistikk). Kvinnene har vore med i styret som kasserar, skrivar og styresmedlemar. Torlaug Langeland (før Tveit) var den som var med lengst, ho var kasserar i tida 1935 – 1946. Gjentene har i alle år vore trugne når det gjaldt å møta opp og laga til festar m.m. Etter kvart kom dei og meir med i programtilstellingane. Det har alltid vore vellukka kveldar når gjentene hadde programmet.

## 1949 - 1959

### *Valhall reist på ny*

Desse siste 10 åra har helst vore ei vanskeleg tid for det frilynde ungdomsarbeidet. Framkomstmidlane har vorte så mykje lettare, og det er vanskeleg å halda ungdomane i grenda med helgane. Dei reiser ein eller annan stad på dans om laurdagskveldane og på kino om sundagskveldane.

Kring i Samnanger og sikkert og i mange andre bygder har det eine etter det andre av ungdomslaga gjeve opp det vanlege lagsarbeidet. Her i Tveit ungdomslag har det nok vorte lengre mellom lagsmøta etter

kvalt, men lagsarbeidet har vorte halde oppe heile tida.

Første tida frå 1949 og utetter var det bra interesse for lagsarbeidet og det var møte regelmessig annakvar søndag. Frammøtet var og godt. Det møtte mellom 20 og 30 stk. på dei fleste møta. Programma varierte noko, men den programposten som har vore mest brukt er ordskifte. Andre programpostar var opplesing, amatørtevling og foredrag av lagslemer eller tilreisande. Ein ny programpost som er komen til i desse åra er ymse former for spørjetevlingar.

Framsying av spelstykke har det ikkje vore mange av dei siste ti åra. Det siste som var spela var "Sportsdilla" i 1953.

I 1953 hadde ungdomslaget plantedag, og det var meininga å ha ein slik dag årleg. Men året etter byrja arbeidet på det nye huset og det vart ikkje tid til skogplanting. Og sidan har diverre ikkje plantearbeidet vorte oppatteke.

I 1954 vart gamle Valhall rive og det sette for ei tid stoppar for lagsmøta.

Første planen var å byggja ein vinkel på gamlehuset og setja det i stand utan å riva det. Ved nærare ettersyn viste det seg at det var svikt i konstruksjonen, så huset måtte rivast. Rivinga vart gjort på dugnad. Johan Langeland teikna nytt hus og stakk ut tomte. Alle i grenda som har fureskog gav skog på rot til nyehuset, og vinteren 1953-54 vart det på dugnad hogge og køyrt fram ein heil del tømmer.

Det vart oppteke eit lån på kr. 15.000,- i Samnanger sparebank, og våren 1954 tok så grunnarbeidet til. Sigfred og Bertin Tverlid vart leigde til sprengjinga. Resten av grunnarbeidet vart gjort som dugnad. Hausten 1954 vart kjellarmurane forskala og støypte – for det meste med dugnadsarbeid. T. Nordbø, N. Reistad og T. Reistad tok akkord på tømrararbeidet, og dei tok til i mai 1955.

Huset var sopass ferdig at det kunne takast i bruk jula 1955. Tveita-folket hadde då ofra mykje skog og ca. 2200 dugnadstimar på huset.

Ein kunne no ta oppatt lagsarbeidet. Det har no vore sjeldnare vanlege lagsmøte, men programmet har oftast vore godt, og serleg når dei litt eldre medlemene har møtt fram har det vore hyggelege møte.

Omfram dei vanlege lagsmøta har det kvar julehelg vore halde lagsfest, og då har både eldre og yngre lagslemer vore med, så det har nærmaste vorte eit slag grendafestar.

*Formenn i Tveit ungdomslag 1909 – 1959*

Henrik Fidtje 1909 – 1912  
Nils K. Langeland 1912 – 1917  
Ingjald Tveit 1917 – 1925  
Nils Nytveit 1926  
Mons Tveit 1926 – 1928  
Ingvald Tveiterås 1928 – 1930  
Ingjald Tveit 1930 – 1932  
Sjur Tveit 1932 – 1933  
Fridtjof Fidtje 1933 – jan. 1935  
Johs. Austbø 1935 – 1936  
Johs. Solheim 1936 – 1939  
Birger Langeland 1939 – 1940  
Vincent Tveit 1940 – 1945  
Knut Langeland 1946 – 1948  
Magnus Langeland 1948 – 1949  
Sverre Gjerde 1949 – 1951  
Knut Langeland 1951 – 1953  
Johs. Langeland 1953 – 1954  
Knut Langeland 1954 – 1956  
Johs. Langeland 1956 – 1958  
Nils Nytveit 1958 - 1959

# Dans og skodespel på Tveit

*I Ilagsmannen, lagsbladet til Tveit ungdomslag, finn me ein artikkel frå påska 1946. Artikkelen gjev eit lite glimt av korleis det var å gå på skodespel og dans den gong. Lommelerker både før og under både skodespel og dans, var nok ikkje uvanleg. At dansen var slutt når dei tregaste endeleg var klar for å byrja, var nok heller ikkje heilt uvanleg.*

Ilagsmannen søndag 28. April 1946

## *Med Ilagsmannen på påsketur*

Her ein dag strakst føre påske kom eg traskande oppover frå Tysse og kom då opp til den store stad Ilagssteinane. Der plå eg som oftast taka meg ein pust i bakken, og i dag sette eg meg ner og grunda på kva eg skulle taka meg til i helga.

Eg såg ikkje at Ilagsmannen var komen hit til meg før han helsa.

”God kveld, og signe kvila!”

”God kveld du. No må du og koma og taka deg ein pust, du har det vel ikkje så travelt?”

”Jau, travelt har eg det. Eg er i ferd med å rusta meg til påsketur. No har eg lege heime kvar påskehelg i desse 5-6 åra, men i år skal her seilast.”

Ilagsmannen spør so om eg har noko plan med mine utflukter i helga. Men eg seier som sant at eg er vel i vildro enno. Då seier Ilagsmannen at har eg lyst, skal eg få vera med han i år. Jau, eg takkar så mykje for tilbodet. Om onsdagsettermiddagen skal eg treffa han att.

Ja, onsdagen kjem. Veret er ikkje førsteklases, men Ilagsmannen har sett seg ut rute og visstnok innstilt kompasset godt. Me startar i frå Ilagssteinane klokka 20.

Påsketraffikken såg i år ut for å vera voldsom, men der var få som hadde ski og ryggsekk med seg. Men det som dei skulle hatt til medisn mot kulden på fjellet hadde dei nok hugsa å ta med seg, for rett som me gjekk hørde me livleg leikekvitring og folk var i sers godt humør.

” Dette høyrst mest som når ungdomane kjem og skal til Tveit på dans, det”, seier Ilagsmannen.

”Ja du”, svarar eg, ”det er nett det det skal vera i kveld, både dans og skodespel og. Før me går vidare lenger trur eg me og stoggar og ser på livet!”

Ja, me betalte og fekk oss utruleg nok finfine sitjeplassar. Ilagsmannen var lenge redd han var den einaste gamlekaren i laget. Men så nuggar eg i han og peikar litt framover, og der ser han ein liten flokk glade gamlekarar.

”Lenge leve gamlekarane”, kviskrar Ilagsmannen og smiler i skjegget.

”Det gjer dei nok,” svarar eg.

Så gjekk teppet opp og me fekk sjå mykje løye. Då gamlingen og predikanten byrja med kaffitoddyane sine, då var kje Ilagsmannen god for å halda seg. Då drog han fram under trøya ei lita flaske og gjev til meg.

”Skrål!” kviskrar han.

Eg tek meg ein god slurk og gjev ho so til han. ”Skrål sjølv, viss du finn noko å skråla for,” kviskrar eg tilbake.

Då skodespelet var slutt klappa me i hendene og ”skrålte” både ein og to gonger.

Så skulle då dansen byrja. Eg vart fælt ivrig ei stund, så eg gløynde mest heile Ilagsmannen. Då eg skulle sjå etter han, var han som sokken i jorda. Så laut eg då spørja både eine og hin om dei hadde sett kamera-ten min. Deretter ruslar eg meg ein tur utover vegen og set mine speidande augo på både eine og hin som fer framom. Då eg kjem til Fitjavegen står ”rømlingen” og skal vera meglar mellom to ivrige rivalar som i kveld er komne på dei skal gjera fantaskap for einannan. Då Ilagsmannen ser meg spør han om dansen er slutt.

”Vil du dansa då? Eg tenkte du var likesæl om heile dansen sidan du for din veg.”

”Nei, me må dansa lenge enno!” sa han.

Ja, så gjekk me innatt då. Men når me kjem inn er huset mørkt og nesten alle er gådd heimatt. Eg og Ilagsmannen gjekk stilt der i frå, fann fat i skiene, stavane og ryggsekkane våre, fortsette med påsketuren vår og let Tveitaungdomane sigla sin eigen sjø.

*Helsing ein kjent*

# De må gå meir i jula!

*Frå Ilagsmannen, Tveit ungdomslag sitt lagsblad*

Januar 1941

Ja, no er jula slutt for denne gong, me får tenkja på neste.

Eg synest at ungdomane går mykje for lite i jula no til dags. Som me veit har det sine grunnar. For det fyrste har det no dei siste åra vore dårleg med mat og styrkedråpar, som det må vera mykje av i slike tider.

Det ser ut som om alle gamle juleskikkar vil døy ut. Mange syns visst det er ei skam å gå i jula no for tida, men det synest ikkje eg. Ja, både ungdomar og gamlingar må som sagt gå til kvarandre, og då kan det verta mykje moro å ha i saman.

Eg synest i alle fall at denne skikken er mykje betre enn å fara i eit dansehus og spøyna, eller å fara langs etter vegane og snakka stygt og halda leven så folk ikkje får sova ein ærleg time. Eg trur at alkoholen vil verta misbrukt for dei som ikkje kan styra måten, men det vert ikkje lang moro for dei. Det er ikkje noko moro med slike folk, heller bal og trubbel med dei.

Det er mange som seier at det ikkje er noko skam å drikka seg full i jula, men det er det. Dei må ikkje drikka meir enn at dei har sine sansar i orden, då først vert det moro. Men utan brennevin eller øl får dei nok ikkje humøret opp.

Eg meiner og at gamlingane må vera med og tura i jula. Då vert det mykje meir moro, synest eg. Ja, som sagt må dette verta etterfølgt første jul.

*Helsing Ilagsmannen*

# Setrastemna ved Fitjavatnet 1903 -2008

Av Øyvind Røen

*Denne artikkelen byggjer stor sett på eit føredrag som vart halde under feiringa av 100-årsjubileumet til setrastemna i 2003.*

Dei fleste som les dette heftet, kjenner nok godt til stemna på Nordvikasetret. Men for ”ordens skuld”: Kvar sommar vert det halde ei kristeleg stemne eller friluftsgudsteneste på seterstølen som ligg ved nordenden av Fitjavatnet, på fjellet mellom Samnanger og Vaksdal.

Me feira 100-årsjubileum for denne stemna i 2003, sjølv om me vel ikkje er hundre prosent sikre på at dette var året då den første stemna vart halde på Norvikasetret. Men me veit sikkert at det var stemne her i 1903. For det er fortalt at eit par frå Langhelle var her oppe sundagen etter dei var gifte, nettopp dette året. Så me kan seia det på denne måten: I 2003 var det iallfall minst hundre år sidan dei var i gang med setrastemna.

## *Bonden vert ”friluftsmenneske”*

Ein kan undrast på kvifor dei gamle fann på å reisa oppi ”ville fjellet” når dei skulde ha ei ”oppbyggjeleg” samling. Hadde dei ikkje bedehus og kyrkjer nok nede i bygdene – som dei kunne bruka?

Ein bakgrunn for det som skjedde på Nordvikasetret, er at slutten på 1800-talet og byrjinga på 1900-talet var ei glanstid for store friluftsmøte, både politiske, religiøse og andre. Det var til dømes store songstemner rundt om. Desse ulike møta og stemnene bygde igjen på alle dei folkelege rørsle og organisasjonane som hadde vakse fram. Dette var ei tid for talarane med dei sterke røystene. (Bjørnstjerne Bjørnson var idealet framfor nokon på denne tida.) Og folk var ikkje bortskjemde med underhaldning og gode sitjeplassar, så dei stilte opp i store flokkar når det skjedde noko.

Ei anna årsak var at folk på 1800-talet hadde lært seg å vera ”friluftsmenneske”. Sjølv sagt var dei heile tida ute i friluft og arbeidde før det òg. Men i den perioden me kallar nasjonalromantikken, vart folk turistar som la vekt på å oppleve naturen og ikkje berre arbeida i han. Dette var



først eit overklassefenomen, men det smitta etter kvart nedover til vanlege folk òg.

### *Setrar og slåtter*

Men me må slett ikkje gløyma arbeidslivet når det gjeld bakgrunnen for setrastemna. Her rundt Fitjavatnet var sommarbeitet for kyrne frå fleire av samnangergardane: Gjerde, Haukaneset, Lauskar, Rødne, Steintveit og Nordvika hadde alle setrar rundt Fitjavatnet. På slutten av 1800-talet gjekk det meir enn 150 kyr på beite her oppe. Og vegen var ikkje svært lang til Breilia der Steinsland, Haga, Tveit og ”Tonæ” hadde sitt beite. Endå kortare var det til andre sida av vasskiljet der Langhelle hadde sine kyr.



*Kart over området rundt Fitjavatnet.*

Med kyrne følgde budeiene – eller stølajentene, som dei vart kalla. Fleire stader i bygda vår gjekk mjølkarane heimanfrå og ned igjen for kvar gong dei mjølka. Men i området rundt Fitjvatnet var det altså seterhus. Når dei første kom, veit me ikkje. Bygdeboka fortel at det var seter på Guråstølen (eller Guristølen, som nokre seier) i lia på austsida av vatnet alt i 1724. Nordvikasetret, som står no, vart bygt ein gong på slutten av 1800-talet.

Det vart bygt nye seterhus i rundt Fitjvatnet fram til mellomkrigs-tida. Me kan godt seia at seterlivet var på det sterkaste rett før det tok slutt. Etter andre verdskrigen vart det laga kulturbeite heime på gard-ane. Men før krigen var det bortimot ti seterhus i bruk mindre enn ein halv kilometer frå Fitjvatnet.

Alle desse setrane var det me kallar ”mjølkesetrar”. Det vil seia at mesteparten av mjølka vart frakta heim, og at det ikkje var ysting eller kinning på fjellet. Eit unntak på Nordvikasetret var rømmekollene dei laga til setrastemna og selde til dei som kom her. Elles måtte altså stølajentene bera mjølka heim på ryggen.

Stølajentene gjekk til fjells om ettermiddagen. Dei som hadde setrar nærast Fitjvatnet, hadde båt i vatnet, slik at jentene fekk ro eit stykke. Men når dei var komne fram til setrane, var kyrne vanlegvis ikkje her. Då var det å traska vidare, ofte til høgaste fjellet medan dei lokka på kyrne. Når dei så hadde mjølka, var det å setja mjølka til kjøling i bekk eller kjelde, og så overnatta i setra. Neste morgon var dei grytidleg oppe og mjølka igjen. Så skulle mjølka berast heim, og stølajentene måtte då vera med i arbeidet heime, i slåtten. – Før dei om ettermiddagen måtte ta på fjellveg igjen. Slik heldt dei det vel gåande i eit par månader, frå slutten av juni. Det var eit hardt liv, men stølajentene såg alltid tilbake på dette livet med glede.

Den andre aktiviteten me kan trekkja fram ifrå fjellet her, er arbeidet i utmarksslåttene. Eit stykke vestafor Fitjvatnet gjekk det gjerde mellom setrarmarka og dei store Nordvikaslåttene. Her var det mange utlør som vart fylte med høyr på ettersommaren. Høyet vart drege og skreidd heim på snø om vinteren.

Poenget med setrane og slåttene er at ein god del folk ferdast i området rundt Fitjvatnet om sommaren. Det *var* altså ikkje ”ville fjellet”



*Kartet syner egentleg 15 bygde utløer. Ved nr. 14 la dei høyr under sjølve Buhilderen. Nr. 16, Urautløa, var truleg berre i bruk medan det budde folk i Solåsen, dvs. på 1840-talet. I dag er alle utløene nedramla, utanom nr. 2. (Utløene er ikkje nøyaktig plasserte.)*

likevel her oppe då dei byrja med stemna. Og så må ein leggja til at det ikkje var meir enn eit par kilometer til fastbuande folk heller: Eit lite stykke sør for Fitjavatnet låg Hildershaugen, med to gardsbruk.

### *Anders og Hans*

Men for at det skulle verta stemne, måtte det vera nokon som hadde idéen og gjorde opptakten. Heilt sikkert kven det var, kan me ikkje



*«Ivars-Hans`n» på sætrabakken.*

veta, men det er rimeleg at dei to som var ”frontfigurar” her oppe i fleire tiår, var med å starta det heile. Desse to var Hans Nordvik og Anders Vaksdal, frå kvar si side av fjellet. I 1903 var dei 34 og 35 år gamle, altså menn ”i sin beste alder”.

Anders var talaren, predikanten av desse to. Han reiste mykje rundt og forkyste, attåt at han var likningssjef og bonde. Og han er hugsa for den frimodige stilen sin. Han gjekk rett på folk han møtte, og spurde: «Korleis har du det med Gud?» På Nordvikasetret var han ein sjølv-sagd talar i mange år.

Hans Nordvik, ”Ivars-Hans`n”, var den trauste bonden som tok seg av det praktiske i samband med setrastemna. Han og Anders var begge spreke karar, og til stemna kom dei heilt til dei hadde runda 90 år, på slutten av 1950-talet.

## *Alle vegar fører til Nordvikasetret*

Viss Ivars-Hans'n var med på å starta stemna, er det naturleg at det var lagt akkurat til seterstølen hans. Men dette var òg den stølen som låg mest lagleg til, heilt nede med Fitjavatnet. Her kunne setrabåtane og båtane til dei i Hildershaugen lenda med stemnefolk. Og så hadde Nordvikasetret ein fin og lagleg setervoll.

Dessutan var det gamle ferdselsvegar her mellom Samnanger og Vaksdal, eller Oster som samningane sa før. Det gjekk vegar (stiar) både til Langhelle og forbi Futivatnet over Grøskaret. Her kan eg minna om den gamle segna dei fortel om Futivatnet som ligg nord for Nordvikasetret og Fitjavatnet: Dette vatnet skal ha fått namnet sitt då ein mann følgde futen over fjellet ein gong i dansketida. Då dei kom til vatnet, kasta mannen futen i vatnet, drukna han og tok pengane.

Men elles var det ein god del meir fredleg ferdsel og samband over fjellet. Nokre koneemne vart henta den eine eller andre vegen, og bygdeboka fortel om fleire ostringar som fekk seg i gard i Samnanger.

I samband med Nordvikasetret må ein ta med det dei fortel om stølajentene her: Om sundagane slapp dei ofte å gå heim. Unggutar hadde då gjerne som oppgåve å henta mjølka frå laurdagskvelden og sundagsmorgonen. Difor hende det av og til at jentene gjekk over fjellet og fekk båtskyss til Bruvik-kyrkja viss det var gudsteneste der.

Så alt i alt var det fleire band over fjellet som kunne vera grunnlag for ei felles stemne for dei to bygdene.

## *Den ”klassiske stemna”*

Tida før den andre verdskrigen var det me kan kalla gullalderen for stemna på Nordvikasetret. Stemna var i denne tida gjerne noko ut på sommaren, helst i august. Då var altså stølajentene her oppe, og me kan tenkja oss at slåttefolk stundom hadde overnatta i utløene som dei hadde fylt høy i. Men mesteparten av stemnelyden kom nedi frå bygdene slik som no.

Eg må elles skyta inn at det gjerne var eit arrangement av eit noko anna slag laurdagskvelden før stemna. Då dansa ungdomane på setrabakken her. Kor mange av desse som var på møte sundagen, er vel uvisst.

Møta i gamle dagar var i det me kan kalla bedehusregi, med songar og tale om føremiddagen, og så var det matpause med kaffi frå setra og rømmekoller. Etter maten hadde dei ”ettermiddagsmøte” med frie vitnemål.

Det var dessutan ulike songinnslag. Eit fast og kjærnt innslag i fleire år var ”Vaksdalskvartetten”. Dette var oftast slett ikkje ein kvartett, men heile sju menn på det meste. Det vert fortalt at fleire gjekk på stemne berre for å høyra denne superkvartetten eller ”sjututten” som dei spøkefullt vart kalla.

Elles var det sjølvsagt ikkje berre det religiøse som stod i sentrum på stemna. Det var høve til drøs i matpausen. Her kunne ein snakka med kjenningar frå andre sida fjellet, som ein kanskje ikkje hadde sett på eit år. For borna var det ofte, ialfall etter krigen, organiserte leikar mel-



*Bergit Tømmerbakk serverer graut på sætrastemna jubileumsåret 2003.*



*Jubileumsstemna i 2003*

lom dei to møteøktene. Og så var det sjølvsagt høve til å sjå seg om etter eit kjærsteemne. Det er t.d. fortalt om ein godt tilårskomen enkjemann som etter eit møte sat på ein stein utanfor setra og song så vakkert han kunne, for gjera inntrykk på ei taus som òg var ferdig med den grønaste ungdomen.

### *Stemna i nyare tid*

Bedhusmodellen heldt seg lenge etter krigen. Men Samanger fekk eigen prest i 1939, Knut Gjesdal, og han var med på møta her oppe. Det var likevel etter hans tid, visstnok på 1970-talet, at føremiddagsmøta vart omgjort til gudsteneste med liturgi. Ettermiddagsmøte har det vel ikkje vore etter ca. 1990.

Eit stemnelag stod for stemna etter krigen, men i seinare år har sokneråda i Samnanger og Vaksdal vore arrangørar. Oppslutninga om stemna har skifta ein del. Rundt 1970 var det helst lite folk her, og det var dårleg vêr på stemnedagen, fleire år etter kvarandre. Difor vart stemna

flytt til tida før jonsok. Ein meinte det var større sjanse for fintvêr, og folk var ikkje vekkreste på ferie. Dette førte då òg til ein ”ny giv”. I 1975 t.d. var det godt over 200 menneske på stemne. På denne tida var det eit stort og aktivt ungdomskor i Samnanger, som var med her oppe. I seinare år har det nok vorte færre ungdomar, men på fine dagar har det likevel vore bra med folk på stemna. Eit toppår var sjølv sagt jubiléet i 2003 då biskopen, Ole D. Hagesæther heldt preika.

Men vêret i Samnangerfjella er utrygt, og det har vore fleire skikkelege uvêrsdagar på setrastemna. Før kunne våte og frosne stemnedeltakarar verma seg i setra, og i Knut Gjesdal si tid hende det visst eit par gonger at dei heldt møte i setra. Men oftare har stemmelyden søkt ly i bua eller ”bedehuset” som står attmed setra. Denne bua bygde Hans Nordvik, ”Ivars-Hans’n” altså, nettopp med dette føremålet at ein kunne halda møte inne når vêret var for ille.

Hans hadde mykje arbeid med stein til høge murar, og tømmer hogg han i eigen skog. Det var mange tunge bører for ein mann som då var 80 år gammal. I 2003 vart murane til bua gjort lågare, og det er planar om å pussa opp heile bua. Denne bua er nok iallfall nødvendig viss det skal arrangerast setrastemne dei neste 100 åra.

Og det bør me vel gjera? Ein sundag i året, kan me vel greia å nytta føtene på kyrkjeveg for å feira gudsteneste i ei kyrkje der det er særst høgt under taket!



# Litt meir om Brua-Per´n

*Av Svein O. Aadland*

I fjor skreiv me om Bruabotn, husmannsplassen mellom Langeland og Svendsdalen, i årboka. Mellom dei som las artiklane om Brua-Per´n og dei andre i Bruabotn var Sigfrid Skrattegard (fødd Nyteveit) som bur i Hallingdalen.

Sigfrid tok kontakt med oss og fortalde at ho har minne, gode minne, om kona til Brua-Per´n, ho som rett nok var døypt Ingeborg, slik det stod i årboka i fjor, men som alltid vart kalla Siri, Brua-Siriæ.

Sigfrid hugsar ein gong ho og søstera Kjellaug var og petla blåbær. Då møtte dei Brua-Siriæ. Jentungane lurte på kva klokka kunne vera. Den gamle kona myste på himmelen, og så sa ho kva klokka var.

- Eg og Kjellaug beundra henne for dette, seier Sigfrid.

Sigfrid har også eit herm etter Brua-Per´n, det om ”eg har ski, men dei ska kje koma i snø.”

Det var einkvan frå Høyseter som spurde Brua-Per´n om å få låna ski hos han. Brua-Per´n drog på det og svara:

- Ja, eg har eit par ski, men eg hadde ikkje tenkt dei skulle koma i snø.

Og det var faktisk ei slags logisk forklaring på dette underlege svaret. Brua-Per´n brukte visst skiene når han slo på blaute myrar. Og at han verkeleg slo gras på myrar som var så blaute at ein måtte bruka ski for å gå ut på dei, forbausar ingen som veit kor ekstremt nytten han var, og måtte vera. Det vanlege var elles å bruka truger på slike myrar, kan Knut N. Langeland fortelja.

# Årsmelding for Samnanger historielag 2008

## Styret og nemnder

På årsmøtet 28.02.08 vart Margunn Lønnebakken vald som ny leiar for Historielaget for 1 år. Ho tok då over etter Ivar Bård Aadland. Både Helge Hisdal og Anton Kåre Drønen byrja på sitt 2. år som styremedlemmer. (Dei var valde for to år i 2007) Magda Haugen og Kjell Reistad vart valde til nye styremedlemer for 2 år. Varamedlemmene Tor Wold og Karin Waage Knutsen vart valde til varamedlemmer for 1 år.

Styret i konstituerte seg slik for 2008:

- Margunn Lønnebakken, leiar
- Helge Hisdal, nestleiar
- Magda Haugen, skrivar
- Kjell Reistad, kasserar
- Anton Kåre Drønen, styremedlem.

Styret har hatt 6 styremøte og har handsama 25 saker. 1 møte vart halde i Stolpane skulehus ved Nordbygda skule, 1 møte i Antons kulturhistoriske senter (Frøland gamle skule) og eit i den gamle stova på eigedomen til Tomas Nordvik (som no er eigd av Tomas Nordvik stifting).

- Revisorar: Johannes Tysseland og Knut N. Langeland (begge attval 1 år). Vara: Ada Haugen (attval 1 år)
- Fondsnemnd: Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge og Magda Haugen (frå styret)
- Redaksjonsnemnd: Magda Haugen, Svein O. Aadland, Nils Gåsdal (alle på val kvart år).
- Valnemnd: Øyvind Røen (attval 1 år), Ivar Bård Aadland (ny, 1 år), Kirsten dalane Kleivane (ny, 1 år)

## Medlemmer og arbeidsgrupper

Talet på medlemmer var 67. Arbeidsgruppene som laget hadde i 2007, har halde fram også i 2008. (Kontaktpersonar i parentes):

- Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)
- Skulehistorie (Ada L. Haugen)
- Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)
- Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)
- Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)
- Gamle fotografi (Tor Wold)

## Aktivitetar

- I samband med årsmøtet 28.02.08 held Jørgen Christian Meyer foredrag med lysbilete om "Palmyra, ørkenens brud"
- Historielaget har hatt 2 turar med historisk innhald:
  - Tur i Ådlandsmarka 1. juni. Undervegs vart det fortalt historie både om Munkahogget og om dei som budde i Nysæterbotn. Turen enda opp på Ospekleiva der Solvor Aadland med fleire hadde innslag med dramatisering.
  - Tur frå Langeland til Bruabotn og Svendsdalen søndag 21. september. Undervegs vart det fortalt om dei som budde på husmannsplassen Bruabotn og om livet deira. Knut Langeland var kjentmann og Ivar Bård Aadland dramatiserte. På tunet i Svendsdalen vart deltakarane vel mottekne av familien Kolle.
- Styret har arbeidt med å forbetra heimesidene til historielaget. Haga Tekst er leigt inn for å hjelpe oss med det.
- Styret har vedteke å nytta dette mottoet / slagordet for arbeidet i historielaget:

Samnanger historielag  
- Der gamalt og nytt møtest -
- Årboka kom ut i månadsskiftet november / desember. I år er hovudtemaet grenda Høyseter.

## Samarbeid med andre

Styret har hatt eit styremøte i Frøland Gamle skule som no er vorte Antons kulturhistoriske senter. Historielaget ynskjer også i åra framover å støtta opp om det store arbeidet som vert gjort der.

Styret har også engasjert seg i arbeidet med Tomas Nordvik stifting. Styret har hatt eit møte i den gamle stova i Nordvika og hadde samstundes synfaring på eigedomen. 08.10.08 hadde styret eit møte med Samnanger kommune representert ved ordføraren og kulturkonsulentent, og styret for stiftinga. Historielaget ynskjer å følgja opp dette arbeidet åra framover.




*Våningshuset på bruket etter Tomas Nordvik*









Samnanger historielag